

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutvalet - Bremanger kommune

Utval: Kontrollutvalet - Bremanger kommune
Møtedato: 27.02.2012
Møtetid: 09.00
Stad: Formannskapsalen.
Møtenr.: 01/2012
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Rådmannen (Sak 03-04/12).
-andre:
Melding til: Ordførar(møte- og talerett), revisor(møte- og talerett) og vararepresentantar (Vararepresentantar møter berre etter nærmare innkalling).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 976 15 363 eller 57 72 22 90 eller på e-postadresse: post@sekom.no


SAKLISTE

Sak 001/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
Sak 002/12 Skriv og meldingar.
Sak 003/12 Innkjøpsrutinar – orientering ved rådmannen.
Sak 004/12 Betalingsrutinar for innkomne fakturaer – orientering ved rådmannen.
Sak 005/12 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet.
Sak 006/12 Møteplan 2012 for kontrollutvalet.
Sak 007/12 Oppfølgingsliste 1- 2012 – merknader
Sak 008/12 Oppdragsansvarleg revisor si eigenvurdering av uavhengigheit.

Svelgen 17.02.2012

for kontrollutvalet i Bremanger

Harry Gulestøl (s)
Leiar


Asgeir Tveit

 **SEKOM-sekretariat**
Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

001/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 16.02.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.02.2012	001/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

002/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 16.02.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.02.2012	002/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 01-12: Kommunestyrevedtak 009/12 Godkjenning av reglement for kontrollutvalet.
- SM 02-12: Kommunestyrevedtak 010/12 Forvaltningsrevisjonsrapport – Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren.
- SM 03-12: Rapport frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane frå tilsyn med kommunen sitt arbeid med undersøkingar og evaluering av hjelpetiltak til heimebuande barn i Bremanger kommune, datert 06.01.2012.
- SM 04-12: Engasjementsbrev – Bremanger kommune frå Kryss revisjon, datert 09.02.2012.
- SM 05-12: Revisjonsuttale – Spelemiddelrekneskapen for Bremanger kommune – Nordsjøløype, Kalvåg.
- SM 06-12: Brev frå KRYSS revisjon til Bremanger kommune om avslutning av årsrekneskapen for år 2011, datert 05.01.2012.
- SM 07-12: Brev frå Bremanger kommune til KRYSS-revisjon om rådmannen sitt tilsyn i høve til risiko for misleghald mm, datert 16.01.2012.
- SM 08-12: Rapport frå stadleg kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen i Bremanger kommune frå Skatteetaten, datert 24.10.2011.
- SM 09-12: Årsrapport for 2011 – Skatteoppkrevjaren i Bremanger kommune, datert 18.01.2012.
- SM 10-12: Brev frå KRYSS-revisjon til Bremanger kommune om tinging frå kontrollutvalet i Bremanger – overordna analyse – Bremanger kommune 2012, datert 07. februar 2012.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:



BREMANGER KOMMUNE

Sakspapir

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshands.
Kommunestyret	19.01.2012	009/12	TOM

Avgjerd av:	Arkiv:	Arkivsaknr.:
Saksansv.: Tom Joensen	K1-	11/1834

Godkjenning av reglement for kontrollutvalet

Dokumentliste:

Nr.	T.	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	14.12.2011	Tveit Asgeir	Kontrollutvalsak 036/11 REglement kontrollutvalet

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

- Kommuneleva
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar
- Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar

Kva saka gjeld:

Godkjenning av reglement for kontrollutvalet i Bremanger kommune

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde i møte den 14.11.2011 under sak 029/11 Eventuelt, vedtak om at det i komande møte skulle takast opp sak om reglement for kontrollutvalet. Det vart m.a. kommentert at ein ønskjer ei anna valordning i kontrollutvalet enn den som er nytta i samband med valet av kontrollutvalet i kommunestyresak 046/11.

Det vart også kommentert at ein i reglementet må få inn korleis ein skal handtere dokument som ikkje er offentlege.

I og med at kontrollutvalet skal vere uavhengig av dei andre utvala, og at kontrollutvalet har eige sekretariat, er det sekretariatet for kontrollutvalet som bør utarbeide utkast til reglement. Kontrollutvalet gjev tilråding om reglementet til kommunestyret.

Saksutgreiing:

I saksutgreiinga til kontrollutvalet heiter det:

“Reglement for kontrollutvalet er basert på kommunelova, forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Vidare er det teke utgangspunkt i rutinane som har vore gjeldande vedrørande system for møteinnkalling, gjennomføring av møte og handtering av møteprotokollar.

Kommunal- og Regionaldepartementet gav i desember 2009 ut rapport med 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane. Etter dette er det utarbeidd utkast til endring i kommunelova. Høyring vedrørand dette er gjennomført.

I utkastet til reglement er det, i tillegg til det som kom fram i kontrollutvalsmøtet 14.11.2011, teke høgde for at dei tilrådingane som er gjevne om kontrollutvalet i rapport om 85 tilrådingar til eigenkontroll i kommunen og endringane som går fram av høyringsutkastet til endring av kommunelova vert gjennomførde. Dei mest sentrale punkta, som er tekne med i reglementet, i høve til dette er følgjande:

- Kontrollutvalet bør veljast på det konstituerande møte saman med formannskap og ordførar.
- Leiar og styremedlemer i kommunalt åtte selskap bør ikkje kunne sitje i kontrollutvala.
- Kontrollutvalsmøta bør som hovudregel vere opne.

I høve til valordning av varamedlemer, som kontrollutvalet tok opp i førre møte, har vi henta følgjande valordning av kontrollutvalsmedlemer frå kontrollutvalsboka:

Val av varamedlemer

Mange kommunestyre praktiserer ei ordning med personlege eller gruppevise varamedlemer til kontrollutvalet. Det vil seie at kvar representant har eit personleg varamedlem frå den partigruppa

representanten tilhøre. Dersom den personlege varamedlemen ikkje kan stille når eit kontrollutvalsmedlem melder forfall, kan ein ikkje hente inn vara frå dei andre partia. På grunn av at det kan variere kva varamedlemmer som blir kalla inn frå gong til gong (avhengig av kva representant som melder forfall), kan det gå lang tid mellom kvar gong eit varamedlem deltek i kontrollutvalet. Det kan difor vere vanskeleg for varamedlemmene å halde seg orientert om sakene og medverke aktivt i utvalet. Dersom kontrollutvalet har gruppevise varamedlemmer, er det viktig at kvar partigruppe har fleire varamedlemmer. Kommunestyret kan velje eit tal varamedlemmer for kvar partigruppe som tilsvarer talet medlemmer partigruppa skal ha i utvalet, med eit tillegg av to personar. Det vil seie at dersom det er tre medlemmer i kontrollutvalet frå tre ulike parti, kan kvart av kontrollutvalsmedlemmene ha tre varamedlemmer. Eit alternativ til ordninga med personlege varamedlemmer er å bruke ei felles varaliste. Då vil kontrollutvalet ha ei liste med nummererte varamedlemmer, slik at det alltid er vararepresentanten øvst på list asom vert kontakta først. Dette vil møte trongen for kontinuitet og erfaringsbygging. Utfordringa er at same politiske gruppe vil bli representert ved kvart forfall, noko som kan endre den politiske samansetjinga i utvalet. Samtidig er det viktig å streke under at medlemmene ikkje skal drive partipolitikk i kontrollutvalet.

Kommunelova § 38a kan regulere val av varamedlemmer til kontrollutvalet, dersom kommunestyret har valt å følgje denne §-en som lyder såleis:

§ 38a. Avtalevalg.

1. Kommunestyret eller fylkestinget kan sjølv enstemmig vedta at val av folkevalgte organer skal foregå som avtalevalg etter denne paragrafen.
2. Valget gjennomføres på grunnlag av innstilling med forslag til medlemmer og varamedlemmer til organet. Innstillingen skal inneholde et antall namn som tilsvarer antall medlemmer i organet med angivelse av av den gruppe medlemmet representerer. I tillegg kan innstillingen inneholde et antall varamedlemmer for hver gruppe som tilsvarer antallmedlemmer gruppen skal ha, med tillegg av to. Innstillingen vedtas enstemmig av kommunestyret eller fylkestinget.
3. Kravene til kjønnsbalane i § 36 nr. 2 gjelder tilsvarende. Viser det seg at et kjønn vil få færre medlemmer enn det som følger av første punktum, skal kandidater fra det underrepresenterte kjønn settes inn i det omfang som er nødvendig for å oppnå slik balanse. Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare består av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, og ved valg til arbeidsutvalg for folkevalgte organer, skal disse reglene følges så langt det er mulig.
4. Ved valg av varamedlemmer gjelder nr. 3 tilsvarende.

Kontrollutvalget kan her særskilt merke seg bruken av kan i setninga i pkt. 2:

"I tillegg kan innstillingen inneholde et antall varamedlemmer for hver gruppe som tilsvarer antall medlemmer gruppen skal ha, med tillegg av to."

Det er sendt førespurnad frå Sekom-sekretariat til Fylkesmannen vedrørande valordning for varamedlemer. Det er ikkje kome svar på førespurnad.

I høve til utsending av ikkje offentlege dokument er det ikkje lover som regulerer dette i den retning at det ikkje kan sendast ut pr. e-post. Vi har munnleg diskutert praktisering i Førde kommune. I Førde kommune blir ikkje offentlege dokument ikkje distribuert pr. e-post. Her regulerer "Innsyn" dette, slik at ein slik praksis, ved bruk av dette verktøyet, ikkje er mogeleg.

Det er sannsynleg at same praksis gjeld alle kommunane med same "Innsyn"-løysing som Førde. I alt 11 kommunar.

Vi har også teke kontakt med Bremanger kommune om korleis dei praktiserer utsending av ikkje offentlege dokument. I Bremanger kommune vert ikkje offentlege dokument ikkje sendt ut pr. e-post. Bremanger kommune opplyser samstundes at det vil bli endring på dette i samband med innføring av politisk plattform.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet vurderer det slik at det vil vere føremålstenleg å lage eit reglement for kontrollutvalet som i størst mogleg grad samsvarar med dei endringar i kommunelova som høgst sannsynleg vil kome.

Sekretariatet vurderer det slik at det kan vere greitt å følgje Bremanger kommune sine rutinar i høve til utsending av ikkje offentlege dokument.

Sekretariatet vurderer det slik at det bør vere mogeleg for kommunestyret å velje ei ordning ved nummererte varamedlemer for kontrollutvalet, også i det tilfelle at kommunestyret har valt å følgje § 38a i kommunelova.

Det er kommunestyret som vel kontrollutval og varamedlemer til kontrollutvalet. Kontrollutvalet bør be kommunestyret om å endre system for varamedlemer, og velje nytt kontrollutval med endra varamedlemsordning.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kommunestyret godkjenner reglement for kontrollutvalet i Bremanger kommune.
- Kommunestyret endrar varamedlemsordninga, slik at denne er slik at varamedlemene vert nummererte frå 1. til 5. varamedlem.
- Kommunestyret tek opp eiga sak om endring av varamedlemsordninga, slik at kontrollutvalet er valt i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar kapittel 2."

Vurdering:

Kontrollutvalet behandla saka i møte den 09.12.2011, og det vart gjort nokre få justeringar i sekretariatet sitt framlegg til reglement. Det reviderte reglementet ligg med.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner reglement for kontrollutval i Bremanger kommune med dei endringar som ligg føre.
2. Kommunestyret endrar varamedlemsordninga, slik at denne er slik at varamedlemene vert nummerert frå 1. til 5. varamedlem.
3. Kommunestyret tek opp eiga sak om endring av varamedlemsordning, slik at kontrollutvalet er valt i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar kapittel 2.

.....

19.01.2012 Kommunestyret

Framlegg frå Høgre v/Audun Åge Røys til endring av 3.avsn i §2 i reglement for kontrollutvalet:

Leiaren skal veljast frå den grupperinga i kommunestyret som ikkje har ordføraren. Denne grupperinga skal òg ha fleirtalet i utvalet.

Vidare:

Stryk fyrste setning i 5. avsnitt: «ved val av.....osv.

Vidare «der bør leggst vekt på.....osv

Det vart røysta for Høgre sitt framlegg til vedtak opp mot kontrollutvalet sitt framlegg,

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak fekk 16 røyster

Høgre sitt framlegg til vedtak fekk 7 røyster.

KST-009/12 Vedtak:

- 1. Kommunestyret godkjenner reglement for kontrollutval i Bremanger kommune med dei endringar som ligg føre.**
- 2. Kommunestyret endrar varamedlemsordninga, slik at denne er slik at varamedlemene vert nummerert frå 1. til 5. varamedlem.**
- 3. Kommunestyret tek opp eiga sak om endring av varamedlemsordning, slik at kontrollutvalet er valt i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar kapittel 2.**



BREMANGER KOMMUNE

Sakspapir

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshands.
Kommunestyret	19.01.2012		TOM

Avgjerd av:	Arkiv:	Arkivsaknr.:
Saksansv.: Tom Joensen	K1-	12/64

Forvaltningsrevisjonsrapport - sjølvkostberekningar VAR-sektoren

Dokumentliste:

- Revisjonsrapport «Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren (03.20.2011)

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

- Kommuneloven
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar
- Kontrollutvalssak 11/08, 25/09, 02/10 og 17/10
- RSK001

Kva saka gjeld:

Handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport «Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren».

Bakgrunn for saka:

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommuneloven § 77, pkt. 4 der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal vidare påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut frå kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).»

Oppgåvene til kontrollutvalet i samband med forvaltningsrevisjon er vidare heimla i kapittel 5 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

«Kap. 5 Kontrollutvalgets oppgaver ved forvaltningsrevisjon

§9. Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.

Forvaltningsrevisjon kan utføres av andre enn den som er ansvarlig for revisjon av kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap eller et kommunalt eller fylkeskommunalt årsregnskap.

§10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunen eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

§11. Rapportar om forvaltningsrevisjon

Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, skal kontrollutvalet gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvilke forvaltningsrevisjoner som er gjennomført og om resultatene av disse jf. § 8 i forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner.

§12. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandling av rapportar om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidlegare saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»

Det vart i 2008 gjennomført overordna analyse som var grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon. I kontrollutvalgs møte 27.11.09 vart det i sak 25/09 «Forvaltningsrevisjonsprosjekt» vedteke at ein skal gjennomføre følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt: «Sjølvkostberekningar VAR-sektoren.»

I kontrollutvalgs møte 08.03.2010 i sak 02/10 «Forvaltningsrevisjonsprosjekt Sjølvkostberekningar VAR_sektoren» vart tingsdokument vedteke. Tingsdokumentet vart send KRYSS-revisjon 08.03.2010.

Saksutgreiing:

Forvaltningsrevisjonsprosjektet hadde definert følgjande problemstillingar:

1. Er nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i samsvar med gjeldande tilrådingar eller norm ?
2. Vert mindreforbruk overført bundne fond og vert evt. fondsmidlar nytta innan gjeldande tidsfristar.
3. Er evt. sær tariffar/gebyrsatsar for ein skilde personar eller verksemdar i samsvar med regelverket ?
4. Vert utfakturering av gebyra gjort i samsvar med rutineboka for «Kredittpolitikk og fakturering ?»

03.10.2011 har KRYSS-revisjon levert rapport for prosjektet.

KRYSS-revisjon har gjeve følgjande konklusjonar og tilrådingar til problemstillingane i prosjektet:

Problemstilling 1

Konklusjon:

Nøklane som skal ligge til grunn for fordeling av interbne tenester i VA er ikkje etablert i Bremanger kommune. Fordelinga av interntenester er jf. kommunen bygd på skjønn. Det er ikkje framlagt dokumentasjon på kva skjønnnet er bygd på. Vi kan difor korkje stadfeste eller avkrefte om skjønnnet er i samsvar med anbefalingane i H-2140 og om dei gjev eit rett bilete på kva dei faktiske kostnadene i sjølvkostområda er.

Tilråding:

Vi rår kommunen så langt det er praktisk forsvarleg å føre alle kjende kostnader inn i sjølvkostrekneskapen.

Vi rår kommunen til å nytte H-2140 som rettesnor i arbeidet med nye rutinar for sjølvkostområdet.

Dersom det ikkje føreligg politisk vedtak på inndekkingsgraden innforbi sjølvkostområda, rår vi kommunen til å få det avklara i form av eit prinsipielt vedtak i kommunestyret.

Problemstilling 2

Konklusjon:

Bremanger kommune har gjennom fleire år ikkje hatt saldoar på sjølvkostfonda i rekneskapen. Kommunen har for 2010 rekneskapen lagt fram etterkalkulasjon på sjølvkostområdet, og har der i gjennom avsett kr. 170.000,- til sjølvkostfond – avlaup.

Det kan stillast spørsmål til om kostnaden i sjølvkostrekneskapen og då følgjeleg sjølvkostfonda er korrekt, all den tid det ikkje finst dokumenterte fordelingsnøklar på interntenestene i tillegg til at det manglar eit fullstendig rutinesett for sjølvkostområdet.

Problemstilling 3

Konklusjon:

Det er ikkje vedteke eigne tariffar eller gebyrsatsar for einskildpersonar eller grupper i Bremanger kommune.

Problemstilling 4

Konklusjon:

Utfakturering av kommunale krav vert gjennomført ei til to veker seinare enn datoane for fakturering i arbeidsboka for økonomikontoret.

KRYSS-revisjon har ikkje gjeve noko tilråding i høve til problemstillingane 2, 3 og 4.

Etter forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar § 8 skal administrasjonssjefen bli gjeven høve til å gje uttrykk for sitt syn på dei tilhøva som er avtala i rapporten. Administrasjonssjefen har send tilbakemelding på rapporten til KRUSS-revisjon 28.09.2011. Brevet ligg ved rapporten.

Vurdering:

Kontrollutvalet si oppgåve er å gje tilråding til kommunestyret om rapporten, jf. forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 11.

Heimel for sekretariatet si handsaming av saka er § 20 2. ledd i forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar:

«§ 20 Sekretariat

2. ledd.

Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og at utvalgets vedtak blir iverksatt.»

I rundskriv f02/06 frå KRD er det gjeve ei nærare tolking av korleis denne paragrafen er å forstå. *«Rapporter som avgis av revisor på revisors selvstendige faglige ansvar vil kontrollutvalgets sekretariat ikkje ha adgang eller mulighet til å overprøve. Også slike rapporter skal imidlertid gå via sekretariatet, men i slike saker vil sekretariatets saksforberedelse være en formalitet.»*

Sekretariatet vurderer det slik at revisor har svart på alle dei fire problemstillingane i tingingsdokumentet.

Kontrollutvalet skal rapportere om sitt arbeid til kommunestyret. Dette kan gjerast på ulike måtar. I og med at revisor har konkrete tilrådingar om tiltak i rapporten, rår sekretariatet til at rapporten vert lagt fram til handsaming i kommunestyret.

Kontrollutvalet behandla saka i møte den 14.11.2011, sak 025/11.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

- Kommunestyret viser til forvaltningsrapport – Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren, datert 03.10.2011.
- Kommunestyret ber administrasjonen så langt det er praktisk forsvarleg å føre alle relevante kostnader inn i sjølvkostrekneskapen.
- Kommunestyret ber administrasjonen om å nytte H-2140 som rettesnor for arbeidet med rutinar for sjølvkostområdet.
- Kommunestyret ber administrasjonen om å leggje frå sak til kommunestyret om inndekkingsgrada på sjølvkostområda.

.....

19.01.2012 Kommunestyret

KST-010/12 Vedtak:

- Kommunestyret viser til forvaltningsrapport – Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren, datert 03.10.2011.
- Kommunestyret ber administrasjonen å føre alle relevante kostnader inn i sjølvkostrekneskapen.
- Kommunestyret ber administrasjonen om å nytte H-2140 som rettesnor for arbeidet med rutinar for sjølvkostområdet.
- Kommunestyret ber administrasjonen om å leggje fram sak til kommunestyret om inndeckingsgrada på sjølvkostområda.



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Rapport frå tilsyn med kommunen sitt arbeid med undersøkingar, og evaluering av hjelpetiltak til heimebuande barn

i

Bremanger kommune

Adressa til kommunen: Postboks 104, 6721 SVELGEN
Tidsrom for tilsynet: 26.08.2011 – 06.01.2012
Kontaktperson i kommunen: fagleiar Tone Otterlei

Samandrag

Denne rapporten gjer greie for avvika som blei påpeikte innanfor dei reviderte områda. Systemrevisjonen gjaldt følgjande område: Kommunen sitt arbeid med undersøkingar, og evaluering av hjelpetiltak til heimebuande barn.

Tilsynet såg på følgjande undertema:

- at det blir gjennomført ei tilstrekkeleg undersøking
- barnet sin rett til medverknad i undersøkingsfasen
- at det blir gjort ei forsvarleg vurdering før det blir konkludert i undersøkinga

- at det blir gjennomført ei tilstrekkeleg evaluering
- barnet sin rett til medverknad ved evaluering av hjelpetiltak
- at det blir gjort ei forsvarleg vurdering før evalueringa blir avslutta

Fylkesmannen avdekkja 2 avvik under systemrevisjonen i Bremanger kommune. Det blei ikkje gitt merknad.

Avvik 1: *Bremanger kommune sikrar ikkje barn sin rett til medverknad i undersøkings- og evalueringsfasen.*

Avvik 2: *Bremanger kommune sikrar ikkje at hjelpetiltak til heimebuande barn blir tilstrekkeleg evaluert.*

Dato: 06.01.2012

Siv Bianca Kjosås
revisjonsleiar

Line P. Døsen
revisor

Elisabeth Lund-Iversen
revisor

Innhold

Samandrag	1
1. Innleiing	4
2. Omtale av kommunen	4
3. Gjennomføring	4
4. Kva tilsynet omfatta	5
5. Funn	5
6. Regelverk	7
7. Dokumentunderlag	7
8. Deltakarar under tilsynet	8

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter systemrevisjon i Bremanger kommune i perioden 26.08.2011 – 06.01.2012. Revisjonen går inn som ein del av den planlagde tilsynsverksemnda hjå Fylkesmannen i dette året, og er ein del av eit landsomfattande tilsyn, gjennomført etter oppdrag frå Helsetilsynet.

Fylkesmannen har heimel til å føre tilsyn med barnevernstenesta etter lov om barneverntenester § 2-3 fjerde ledd bokstav a.

Føremålet med systemrevisjonen er å vurdere om kommunen handterer krava i lovgjevinga gjennom sin internkontroll. Revisjonen omfatta å undersøke:

- kva tiltak kommunen har for å avdekke, rette opp og førebygge brot på lovgjevinga innanfor dei tema som tilsynet omfattar
- om tiltaka blir følgde opp i praksis og korrigererte dersom dette er nødvendig
- om tiltaka er gode nok for å sikre at lovgjevinga blir følgd

Ein systemrevisjon blir gjennomført ved å granske dokument, ved intervju og andre undersøkingar.

Rapporten handlar om avvik som er avdekkja under revisjonen, og gir difor *ikkje* ei fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet verksemnda har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

Avvik dreier seg om at krav som er gitt i eller i medhald av lov eller forskrift, ikkje er oppfylte.

Merknad er forhold som ikkje er i strid med krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift, men der tilsynsorganet finn grunn til å peike på potensiale for betring.

2. Omtale av kommunen

Bremanger har eit innbyggartal på om lag 3.900 og busetnaden i kommunen er spreidd. Barnevernstenesta er organisert under eininga familie- og helse. Fagleiar på barnevern rapporterer til driftssjef for familie og helse, som igjen rapporterer vidare til kommunalsjef med ansvarsområde helse og omsorg. Kommunalsjef rapporterer til rådmannen.

Barneverntenesta har 3,5 sakshandsamarstillingar, inkludert fagleiar. Ein sakshandsamar er ute i eitt års permisjon fram til januar 2012. Det er tilsett ein miljøarbeidar i vikariat/engasjement i 30 % stilling. I tillegg har barnevernstenesta ein 20 % merkantil stilling. Sakshandsamarane har utdanningsbakgrunn anten som sosionom eller barnevernspedagog.

3. Gjennomføring

Systemrevisjonen omfatta følgjande aktivitetar:

Revisjonsvarsel blei sendt ut 28.06.2011. Oversikt over dokument som kommunen har sendt over i samband med tilsynet, er gitt i punkt 8.

Opningsmøte blei halde 08.11.2011.

Intervju blei gjennomført begge dagar. I alt seks personar blei intervjuja, sjå oversikta over deltakarar under tilsynet i punkt 9.

Oversikt over dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket, er gitt i punkt 8.

Sluttmøte blei halde 09.11.2011.

4. Kva tilsynet omfattar

Føremålet med tilsynet er å undersøke om kommunen gjennom sine styringstiltak sikrar at undersøkingar, og evalueringar av hjelpetiltak til barn som bur heime, blir utført på ein slik måte at barn og unge får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid.

I dette arbeidet er det sentralt at kommunen sørgjer for at barnet får informasjon og høve til å medverke/uttale seg før undersøkinga eller evalueringa blir avslutta.

Tilsynet omfattar to tema:

- Undersøkingar etter bvl § 4-3 - der kommunen sørgjer for at det blir gjennomført ei tilstrekkeleg undersøking, barnet sin rett til medverknad i undersøkinga og at det blir gjort ei forsvarleg totalvurdering før barnevernstenesta konkluderer i undersøkinga.
- Evaluering av hjelpetiltak for heimebuande barn etter bvl § 4-5 - der kommunen sørgjer for at det blir gjennomført ei tilstrekkeleg evaluering, barnet sin rett til medverknad i evalueringa og at det blir gjort ei forsvarleg totalvurdering av hjelpetiltaket før evalueringa blir avslutta.

Definisjonar og avgrensingar:

Undersøkningsfasen er perioden frå barnevernet har teke avgjerd om å starte undersøking i nye saker, og fram til saka anten blir lagt bort, sendt til fylkesnemnda, eller til det er fatta vedtak.

Evaluering inneber at hjelpetiltak blir vurdert og at mål, tiltak og/eller tidsperspektivet for tiltaket blir justert når det er nødvendig.

Heimebuande barn er barn under 18 år som bur i biologisk familie, adoptivfamilie, eller er plassert hjå andre, utan medverknad frå barnevernet, på det tidspunktet då vedtak om hjelpetiltak blei fatta og når evalueringa skal gjennomførast.

5. Funn

Avvik 1: *Bremanger kommune sikrar ikkje barn sin rett til medverknad i undersøkings- og evalueringsfasen.*

Avvik frå følgjande myndigheitskrav: barnevernslova §§ 6-3, jf. 4-3 og 4-5 og internkontrollforskrifta § 4.

Avviket byggjer på følgjande:

- Kommunen har ikkje retningslinjer for korleis dei vurderer bruk og gjennomfører heimebesøk i ulike typar situasjonar.
- Det ligg ikkje føre skriftlege rutinar, sjekklister e.l. som seier noko om rettane barnet har under sakshandsaminga, for når og i kva tilfelle barnevernstenesta skal snakke med barnet, og eventuelt snakke med barnet aleine.

- Under intervjuet og i mappegjennomgangen blei det avdekka at kommunen ikkje sørgjer for at alle barn som har fylt 7 år, og yngre barn som er i stand til å danne seg egne synspunkt, blir informert og får høve til å uttale seg. I intervjuet kom det fram at det ikkje er etablert ei felles forståing for korleis spørsmålet om barns medverknad skal vurderast.
- I intervjuet kom det fram at kommunen ikkje systematisk innhentar og brukar erfaringar frå barn og foreldre i forbetningsarbeidet til kommunen.
- Kommunen har avviksskjema. I dokumentasjonen og under intervjuet kom det fram at avvik likevel ikkje blir meldt skriftleg, om ein ser bort frå at det går kopi av halvtårsrapporteringane til Fylkesmannen til kommuneleiinga. Avvik blir formidla munnleg, men dette skjer sjeldan. Det er ikkje etablert ein "meldekultur" i tenesta. Munnleg rapportering medfører at det blir vanskeleg å bruke avvika i systematisk forbetningsarbeid.

Kommentar:

Bvl § 6-3 regulerer barn sine rettar under sakshandsaminga, og er ein generell regel som gjeld både i undersøkings- og evalueringsfasen. Kommunen må legge til rette for at alle barn over 7 år får moglegheit til å kome med innspel og synspunkt i undersøkings- og evalueringsfasen. Rett til å kome med innspel er ikkje det same som at det skal leggast avgjerande vekt på synspunkta, men det skal vera med som eit moment i heilskapsvurderinga.

Kommunen må også ta stilling til om det skal gjennomførast samtale med yngre barn.

Om det i enkeltsaker ikkje blir rekna som føremålstenleg å snakke med barn over 7 år, skal vurderinga knytt til dette dokumenterast i saka.

Avvik 2: *Bremanger kommune sikrar ikkje at hjelpetiltak til heimebuande barn blir tilstrekkeleg evaluert.*

Avvik frå følgjande myndigheitskrav: barnevernslova §§ 4-5, 6-1 jf fvl § 11d og internkontrollforskrifta § 4.

Avviket byggjer på følgjande:

- I mappegjennomgangen fann vi enkelte tiltaksplanar med uklare målsetjingar, som gjer det vanskeleg å ta stilling til effekten av tiltaket.
- Oppfølging og evaluering av tiltak er kort omtalt i punkt 7 i dokumentet "Internkontroll for barneverntenesta", men det er ikkje etablert rutinar for evaluering, som sikrar at hjelpetiltak jamleg og systematisk blir følgt opp og vurdert, slik at det blir avdekka om tiltaket fungerer etter intensjonen og om det er behov for endringar.
- Gjennom intervjuet kom det fram at det er opp til kvar enkelt sakshandsamar å gjennomføre evaluering, og innhente opplysningar frå barnet/familien og aktuelle samarbeidsinstansar om korleis tiltaket fungerer. Det er lite fokus på evaluering av hjelpetiltak i fagmøtet.
- Det er ikkje dokumentert at det blir gjort ei samla oppsummering og vurdering av opplysningane som er innhenta før evalueringa blir avslutta.
- Kommunen har avviksskjema. I dokumentasjonen og under intervjuet kom det fram at avvik likevel ikkje blir meldt skriftleg, om ein ser bort frå at det går kopi av

halvtårsrapporteringane til Fylkesmannen til kommuneleiinga. Avvik blir formidla munnleg, men dette skjer sjeldan. Det er ikkje etablert ein "meldekultur" i tenesta. Munnleg rapportering medfører at det blir vanskeleg å bruke avvika i systematisk forbetningsarbeid.

- Kommunen har ikkje gjennomført kartlegging/vurdering av risikoområde knytt til evaluering av hjelpetiltak.

Kommentar:

Tiltaksplanen skal vera skriftleg, tidsavgrensa og innehalda oversikt over kva tiltak som skal settast i verk, ha klare mål/delmål og vise korleis måla skal nåast. Tiltaksplanen skal sikre at oppfølginga av barnet og familien er planlagt og skjer regelmessig.

Spørsmålet om kor ofte tiltaket skal evaluerast må avgjerast etter ei individuell vurdering i kvar enkelt sak. Vurderinga av kor ofte hjelpetiltaket skal evaluerast skal dokumenterast i saka.

Tiltaksplanen skal jamleg evaluerast for å sikre at hjelpetiltaket fungerer slik det er tenkt, og for å avdekke om det er trong for å endre tiltaket, om det er nødvendig med nye tiltak eller om tiltaket kan avsluttast.

Det er ein føresetnad at barneverntenesta gjer ei totalvurdering av situasjonen til barnet og omsorgsevna til foreldra på evalueringstidspunktet, sett opp mot situasjonen slik den var på vedtakstidspunktet, jf undersøkingsrapporten.

Evalueringa skal vera systematisk; opplysningar som er innhenta frå barn, foreldre, og personar/instansar som er involvert i tiltaket skal vurderast samla. Barnevernfaglege vurderingar som er gjort i evalueringsfasen skal dokumenterast i saka.

6. Regelverk

- FN sin barnekonvensjon (barnekonvensjonen)
- Lov om barneverntenester (barnevernslova)
- Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova)
- Forskrift om internkontroll for oppgåvene til kommunen etter barnevernlova (internkontrollforskrifta)

7. Dokumentunderlag

Dokumentasjon frå kommunen knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold som blei send over da revisjonen blei førebudd:

- Oversendingsbrev
- Organisasjonskart for Bremanger kommune
- Organisasjonskart for avdeling familie og helse
- Oversikt over tilsette
- Internkontroll for barneverntenesta i Bremanger kommune – innhald: *lovverket, organisasjonskart, post- og arkivrutinar, mottak av melding, undersøking, akutte saker, tiltak, evaluering, avslutting av saker, tverrfagleg samarbeid, personale, avviksrapportering, risikovurdering/analyse*
- Notat: orientering om ressursituasjonen i barneverntenesta
- Skjema for registrering av rutinesvikt og avvikkorrigerande tiltak (avviksskjema)
- Mal: gjennomgang og konklusjon av melding etter bvl § 4-2
- Mal: plan for gjennomføring av undersøking etter bvl § 4-3

- Mal: rapport etter undersøking, jf bvl § 4-3
- Mal: evaluering av tiltaksplan etter bvl § 4-5
- Bremanger kommune - årsmelding for 2010
- Oversikt over hjelpetiltak

Dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket:

- 20 undersøkingssaker; der 10 er lagt bort utan tiltak og 10 har ført til hjelpetiltak i heimen
- 15 saker der det er sett i verk hjelpetiltak i heimen
- Journalnotat og liknande knytt til dei aktuelle sakene i fagsystemet "Familia"

Korrespondanse mellom kommunen og Fylkesmannen:

- Revisjonsvarsel sendt ut 26.08.2011
- Dokumentasjon frå kommunen motteke 10.10.2011
- Program og oversikt over hjelpetiltak som skal gjennomgåast under tilsynet sendt ut 31.10.2011
- Førebels rapport sendt ut 24.11.2011
- Kommentar/merknad til førebels rapport motteke 28.12.2011
- Endeleg rapport sendt ut 06.01.2012

8. Deltakarar under tilsynet

Tabellen under gir ei oversikt over deltakarane på opningsmøte og sluttmøte, og over kva personar som blei intervjuet.

Namn	Funksjon / stilling	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Anrunn Steinset	nestleiar og saksbehandlar	x	x	x
Stine Mari Solheim	saksbehandlar	x	x	x
Tone Otterlei	fagleiar	x	x	x
Astrid Polden	miljøarbeidar		x	x
Anita Brevik	driftssjef familie og helse	x	x	x
Randi Ytrehus	kommunalsjef	x	x	x
Tom Joensen	rådmann	x		

Frå tilsynsorganet deltok: rådgjevar Line P. Døsen, rådgjevar Elisabeth Lund-Iversen og rådgjevar Siv Bianca Kjosås (revisjonsleiar).

Kopi til: Rådmannen
Ordføreren

Bremanger kommune
Kontrollutvalet
v/ kontrollutvalssekretariatet SEKOM-Sekretariat
Postboks 338
6802 FØRDE

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	Samarbeidsavtale/Vedtekter F://engasjementsbrev/tf12	216	011 / 2012	9. februar 2012

ENGASJEMENTSBREV – BREMANGER KOMMUNE

1. Innledning

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord; forkorta til *KRYSS Revisjon* er - i samsvar med *Kommunelova* Kap. 12 - revisor for Dykkar kommune. Revisjonssamarbeidet vart etablert hausten 2004, med verknad frå 01.01.2005, der kommunane vedtok eigen samarbeidsavtale og egne vedtekter for det interkommunale revisjonssamarbeidet for 11 kommunar i Sunnfjord og Ytre Sogn. KRYSS Revisjon vert styrt av eit *Arbeidsutval* og ein representantskap, nemnd som *Samstyret*. Kvar av eigarkommunane har 1 politisk vald representant og vararepresentant i Samstyret, der kvar har 1 stemme. Arbeidsutvalet består av 5 medlemmar og 3 varamedlemmer. Kommunane som er med i revisjonssamarbeidet er Askvoll, Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund.

Revisjonen består av forvaltningsrevisjon og regnskapsrevisjon, og omfatter revisjonen av kommunerekneskapen (og tilhøyrande rekneskap for kommunale føretak). Med utgangspunkt i dei revisjonsbestemmelsane som gjeld for kommunar og fylkeskommunar, heri standarder for god kommunal revisjonsskikk, vil vi i dette brevet prøve å beskrive vår forståing av revisjonsoppdraget, slik at Kontrollutvalet får ei oppfatning av rollefordelinga og kva som kan forventast av oss.

Dei økonomiske forholda mellom revisjonen og kommunestyret/kontrollutvalet som oppdragsgjevar er handsama i ein eigen samarbeidsavtale mellom dei 11 deltakar-/ eigarkommunane, og elles i samsvar med revisjonssamarbeidet sine vedtekter.

2. Revisjonen – føremål og innhald

Lov om kommuner og fylkeskommunar (*Kommunelova*) har blandt anna følgjande bestemmelsar om revisjonen i § 78, der det heiter :

1. Revisjon av kommunal og fylkeskommunal verksemd skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk.
2. Revisjonsarbeidet skal omfatte rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Vi vil gjennomføre og rapportere resultatene av vår revisjon i henhold til god kommunal revisjonsskikk, som er ein rettsleg standard. Innhaldet i dette begrepet er normert av kommunelova sine bestemmelsar om revisjon, tilhøyrande forskrifter, og etablerte og anerkjende revisjonsstandarder på området. Som medlem av *Norges Kommunerevisorforbund* (NKRF) er vi underlagt jamnlege eksterne kvalitetskontrollar.

Revisor har plikt til løpande å føreta ei vurdering av eigen uavhengigheit. Oppdragsansvarleg revisor skal kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kontrollutvalet. Desse dokumenta får si handsaming i Kontrollutvalet med rapportering til Kommunestyret.

Kommuneleiinga sitt ansvar

I henhold til kommunelova er det kommunen sin administrasjonssjef (rådmannen) som er ansvarleg for at kommunen sin interne, administrative kontroll og økonomiforvaltninga er ordna på ein betryggande måte, og at forvaltninga elles er gjenstand for betryggande kontroll. Det er også administrasjonssjefen sitt ansvar å utarbeide og å legge fram kommunen si årsmelding/årsrapport, og å avlegge årsrekneskapen i samsvar med bestemmelsane i kommunelova, forskrift om årsrekneskap og årsberetning i kommuner og fylkeskommuner, bokføringslova og god kommunal rekneskapsskikk.

Kommunen si leiing har også ansvaret for at vi som kommunen sin revisor har ubegrensa tilgang til registrerte opplysningar, dokumentasjon og annan informasjon som vi finn nødvendig for å kunne utføre vårt arbeid, herunder korrespondanse, kontraktar, protokollar, m.v. Dette inkluderer også tilgang til systembeskrivelsar, manualar til programvare og støtteprogram, og nødvendig veiledning.

Kommunestyret og kontrollutvalet sitt ansvar

Kommunestyret er kommunen sitt øverste myndighetsorgan, og har det øverste tilsyn med heile den kommunale forvaltninga. Kommunestyret velger sjølv eit kontrollutval til å førestå det løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga på sine vegner. Kontrollutvalet skal påsjå at kommunen og forvaltninga blir forsvarleg revidert. Det er kun Kommunestyret og/eller Kontrollutvalet som kan bestille forvaltningsrevisjonar basert på ein overordna risiko- og vesentlegheitsanalyse.

2.1 Forvaltningsrevisjon

I henhold til forskrift om revisjon, § 7, inneber forvaltningsrevisjon å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak, intensjonar og føresetnader. Herunder om

- a) forvaltninga bruker ressursar til å løyse oppgåver som samsvarer med Kommunestyret sine vedtak, intensjonar og føresetnader,
- b) forvaltninga sin ressursbruk og verkemidlar er effektive i forhold til måla som er sett på området,
- c) regelverket etterlevast,
- d) forvaltninga sine styringsverktøy og verkemidlar er hensiktsmessige,
- e) beslutningsgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organa samsvarer med offentlege utgreiingskrav,
- f) resultatene i tenesteproduksjonen er i tråd med Kommunestyret sine føresetnader, og/eller om resultatene og målsetningane for verksemda er nådd.

Gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjende standarder på området, og det skal etablerast ulike revisjonskriteriar for det einskilde forvaltningsrevisjonsprosjekt. Rådmannen blir alltid

innvolvvert i eitkvart forvaltningsrevisjonsprosjekt; bl.a. gjennom eit oppstartsmøte og dialog og kommunikasjon under vegs i prosjektet si gjennomføringsfase. Rådmannen får alltid uttale seg til førebels rapport, før endeleg rapport blir oversendt Kontrollutvalet.

Innafor forvaltningsrevisjon av kommunar er det NKRF som er det standardsettande organ. Grunnlaget og bakgrunnen for den einskilde forvaltningsrevisjon vil vere beskrive ved rapporteringa av den einskilde revisjon, slik at denne oppgåva ikkje blir beskrive ytterlegare i dette brevet. Sjå for øvrig nærmare om rapportering under eige avsnitt nedanfor.

Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor i KRYSS Revisjon er *Charles Litsheim*, med stillingsnemning *Revisjonssjef forvaltning*. Til dagleg er han stasjonert ved vårt hovudkontor i Førde.

2.2 Rekneskapsrevisjon

Når det gjelder rekneskapsrevisjon vil grunnlaget for vårt arbeid i mindre grad vere omtala ved avrapportering, slik at vi her bruker litt meir plass på å beskrive vårt arbeid og grunnlaget for dette.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor for alle deltakarkommunane er *Terje Førde*. Han er *dagleg leiar og revisjonssjef* i KRYSS Revisjon. Han er mykje på reiser/besøk i kommunane og kommunane imellom, men mest å treffe på regionskontoret i Flora og hovudkontoret i Førde, og som regel alltid å treffe på mobiltelefon.

Årsrekneskapen og dei aktuelle delane av årsmeldinga (årsrapporten/årsberetninga)

I rekneskapsrevisjonen er vår hovudoppgåve som revisor for kommunen å vurdere og å avgje ei uavhengig uttale (revisjonsberetning) om korvidt årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter. I tillegg kontrollerer vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa stemmer med regulerte budsjettbeløp.

Vi kontrollerer også om opplysningar i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen. I tillegg kontrollerer vi om den revisjonspliktige si leiging har oppfylt sin plikt til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar.

Vidare er det vår oppgåve å *vurdere* om kommunen har ordna den økonomiske internkontrollen på en betryggande måte og med forsvarleg kontroll.

Årsrekneskapen skal iht. forskriftene sin ordlyd vere avlagt av administrasjonssjefen (rådmannen) innen 15. februar i året etter rekneskapsåret. Årsmeldinga skal avleggast utan ugrunna opphold, og seinast innan 31. mars. Administrasjonssjefen (rådmannen) sitt ansvar omfattar også ansvaret for at registrering, dokumentasjon og oppbevaring av rekneskapsopplysningar er innretta på ein forsvarleg, ordentleg og oversiktleg måte.

Revisjonen si utføring/gjennomføring og forholdet til intern kontroll

God kommunal revisjonsskikk inneber blandt anna at vi kontrollerer utvalde delar av materialet som underbyggjer informasjonen i årsrekneskapen, føretekt analytiske vurderingar og andre revisjonshandlingar som vi etter forholdene finn nødvendige og hensiktsmessige.

På grunn av revisjonen sine ibuande begrensningar, saman med den interne kontrollen sine ibuande begrensningar, vil det alltid vere risiko for at ikkje all vesentleg feilinformasjon i rekneskapen blir avdekka; - sjølv om revisjonen er planlagt og utført i samsvar med god kommunal revisjonsskikk, heri dei *internasjonale revisjonsstandardene* (ISA-ene). Ved vår risiko-

vurdering vurderer vi dei interne kontrollane som er relevante for kommunen eller einingane si utarbeiding av årsrekneskapen med det føremål å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige ut frå omstendighetene, men ikkje for å gje uttrykk for effektiviteten av eininga sin interne kontroll. Slike revisjonar eller spesifikke gjennomgangar vil eventuelt kunne avtalast nærmare.

Generelt vil ein effektiv intern kontroll (kommunen sitt eige fokus på eigenkontroll) redusere risikoen for at mislegheiter og/eller feil og manglar vil kunne oppstå utan å bli avdekka, men vil aldri kunne eliminere denne risikoen heilt. Omfanget av vårt revisjonsarbeid vil for ein stor del vere avhengig av kvaliteten på, og effektiviteten av, kommunen sin interne kontroll, samt rekneskaps-, økonomi- og rapporteringsrutiner. Vi vil rapportere skriftleg om eventuelle vesentlege manglar i den interne kontrollen som er relevante for revisjonen av årsrekneskapen, og som vi har identifisert under revisjonsarbeidet. Sjå nærmare om dette under avsnittet *rapportering*, nedanfor.

Registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar

Når vi konkluderer om registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i revisjonsberetninga, vil revisjonen være utført i samsvar med den internasjonale standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller avgrensa revisjon av historisk finansiell informasjon». Denne standarden stiller krav om at vi etterlever etiske krav, planlegg og gjennomfører vårt arbeid for å oppnå betryggande sikkerheit for at det ikkje er vesentlege formelle manglar knytta til registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar. Slike vurderingar inneber gjennomføring av kontrollhandlingar for å innhente bevis om desse forholda. Dei valde kontrollhandlingane vil vere avhengig av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for vesentlege manglar.

Ved vurderinga av leinga sine plikter med omsyn til registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar, innhentar revisor informasjon om kommunen sine interne rutiner for å vurdere samsvaret med lov, forskrift og god bokføringsskikk, men ikkje for å gje uttrykk for ei mening om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.

Revisjonsnotat, revisjonsmerknader, brev og rapportar

Rekneskapsmessige feil og manglar som vi finn det nødvendig å påpeike, vil vi rapportere skriftleg om i eigne revisjonsnotat eller revisjonsmerknader/brev. Desse vert stila til rette vedkomande innafor tenesteområdet/eininga, med gjenpart/kopi til administrasjonssjefen/rådmannen. Mindre forhold, førespurnader og påpeikingar, i f.eks. bilagskontrollen og forvaltninga elles prøver, vi å få løyst/retta moglege manglar på lavast mogleg nivå; der vi kommuniserer dette via e-post, telefon, samtaler, møter, osv.

Andre uttaler og kontrollhandlingar

Vår revisjon vil også omfatte dei kontrollhandlingar som er nødvendige for å attestere følgjeskriv til lønns- og trekkoppgåvene og dei terminvise krava etter den kommunale ordninga for momskompensasjon. Vi utfører også kontroll av tilskotsordningar som er gjeve for å finansiere særskilde oppgåver (særattestasjonar), der det er krav eller ønskje om revisor sin særattestasjon. Våre kontrollar blir då utført i tråd med oppdragsgjevar sine anvisningar og aktuell standard for attestasjonsoppdraget. Formalia kring dette går som regel fram av særskilde rundskriv som omtalar tilskotsordningane og tilhøyrande rapporteringskrav for middelbruken.

3. Innsynsrett og taushetsplikt

Revisor kan krevje eikvar opplysning, utgreiing/redegjørelse eller eitkvart dokument hos kommunen og føreta dei undersøkingar som revisor finn nødvendige for å gjennomføre revisjonsoppgåvene.

Både oppdragsansvarleg revisor og revisjonsmedarbeidarane har – med visse lovheimla unnatak - teieplikt om alt dei får kjennskap til under utføringa av revisjonsarbeidet. Dette følgjer av kommunelova, § 78, nr 7. Revisor si teieplikt gjelder uavgrensa i tid; også etter at oppdraget er avslutta.

Revisor si teieplikt er likevel ikkje til hinder for at kontrollutvalet eller kommunestyret får den informasjon om resultatata av revisjonen som er nødvendige.

4. Rapportering, kommunikasjon og dialog

Engasjementsbrev for revisjonsoppdraget blir vanlegvis utarbeidd for kvar valperiode eller oftare dersom det er forhold som tilseier dette. I tillegg blir det utarbeidd *oppstartsbrev* i samband med oppstart av det *einskilde forvaltningsrevisjonsprosjekt*, og *årlege brev* i samband med årsoppgjersrevisjonen kring *årsrekneskapen*. Dette blir oversendt administrasjonen. Vi legg opp til ein forholdsvis tett dialog med administrasjonen i årsoppgjeret, der vi gjerne også inviterer til eit oppsummeringsmøte før endeleg revisjonsberetning blir utforma; dersom vi finn dette hensiktsmessig eller nødvendig.

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir utarbeidd ein *overordna analyse* som *grunnlag for ein plan for forvaltningsrevisjon*, og kome med innstilling overfor kommunestyret. Det er kommunestyret som vedtek planen. Forvaltningsrevisjonar rapporterer vi til kontrollutvalet i form av egne rapportar, som har nemninga *forvaltningsrevisjonsrapport*. Det førekjem også at vi under det løpande revisjonsarbeidet kring finansiell revisjon (rekneskapsrevisjon) kjem over saker og funn som er av ein slik karakter at vi velger å oppsummere dette i mindre revisjonsrapportar. I slike saker følgjer vi gjerne *ikkje* dei standardkrav og kriteriekrav som er stilt i den ordnære revisjonsstandarden for forvaltningsrevisjon. Slike rapportar vil ha nemninga *revisjonsrapport*.

Rekneskapsrevisjonen sitt innhald avhenger av revisjonsstandarder, intern kontroll og revisor sitt skjønn. Kontrollutvalet si oppgåve her er å påsjå at kommunen har ei tilstrekkeleg og tilfredsstillande revisjonsordning. For å sikre at kontrollutvalet får den informasjon om rekneskapsrevisjonen som utvalet føler behov for, vil det i tillegg til revisjonsberetninga blir gjort greie for status i det løpande revisjonsarbeidet i møter gjennom året. Vi ser det også som naturleg at kontrollutvalet blir orientert om revisjonsstrategien og den praktiske revisjonsmetodikken, tidleg i revisjonsåret. Omfang, form og innhald på dette blir avtalt nærmare med kontrollutvalet direkte etter dialog og kommunikasjon i møter.

Revisor har møteplikt når ein vert innkalla. Forøvrig har revisor møterett i kontrollutvalet, formannskapet og kommunestyret. Revisor kan også møte i andre utval dersom revisor finn det nødvendig.

Irregulære forhold og mislegheiter

I hht revisjonsttandaradene er revisor pålagd å innhente administrasjonen sine eigenvurderingar kring risikoen for misleghald i kommunen. Det skal innhentast ein årleg uttale på dette.

Iht til forkriftene § 3 skal revisor gjennom sitt revisjonsarbeid bidra til å førebygge og av-dekke irregulære forhold, misligheter og feil. Dersom det blir konstatert irregulære forhold eller mislegheiter ved revisjon av forvaltninga, eller på annan måte, skal revisor straks sende førebels rapport/innberetning til kontrollutvalet.

Når saksforholdet er nærmare klarlagt, skal revisor sende endeleg rapport/innberetning til kontrollutvalet. Revisor skal sende kopi av rapporten/innberetninga til administrasjonssjefen (rådmannen).

Nummererte brev

Vi kan gjennom arbeidet med rekneskapsrevisjonen finne forhold som ikkje blir påpeika i revisjonsberetninga, men som vi finn det nødvendig å påpeike i *nummerert brev*. Dette kan vere einskildsaker av meir alvorleg karakter. Slike nummererte brev vil bli sendt til kontrollutvalet med kopi til administrasjonssjefen/rådmannen. Kontrollutvalet har eit ansvar for å påsjå at forhold som er påpeika av revisor blir følgt opp.

I henhold til revisjonsforskrifta § 4, 2 skal revisor påpeike følgjande forhold i *nummererte brev*:

1. Manglar ved plikta til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar.
2. Feil og manglar ved organiseringa av den økonomiske internkontrollen.
3. Mislegheiter.
4. Feil som kan medføre feilinformasjon i årsrekneskapen.
5. Manglande utgreiing/redegjørelse for vesentlege avvik mellom beløpa i den revisjonspliktige sitt årsrekneskap og regulert budsjett slik det fremstår etter gyldige vedtak/endringar fatta på riktig beslutningsnivå.
6. Begrunnelse for manglande underskrift ved bekreftelsar overfor offentlege myndigheiter som blir gjeve i medhold av lov eller forskrift.
7. Begrunnelse for å seie ifrå seg oppdrag etter § 16.

Brev med påpeiking av mindre vesentlege feil eller manglar vil bli sendt direkte til administrasjonen. I kva grad kommunen sitt kontrollutval skal ha kopi av slike brev, blir avtala særskild med kontrollutvalet. Av omsyn til kontrollutvalet si heilheitlege oversikt vil dette etter revisjonen si oppfatning vere ein naturleg del av den løpande dialogen og kommunikasjonen mellom revisor og kommunen sitt kontrollutval.

Uttaler frå kommunen si leiing

I samband med årsavslutninga vil vi i samsvar med god kommunal revisjonsskikk innhente ei skriftleg uttale frå leiinga om fullstendigheita og riktigheita av dei opplysningar som blir gjeve i årsrekneskapen. På same måte er vi pålagt å innhente skriftlege uttale frå leiinga om rådmannen sin kjennskap til eller mistanke om mislegheiter, mv., i kommuneorganisasjonen. Desse uttaler vil bli innhenta av oss frå administrasjonen, og kontrollutvalet blir orientert om vårt brev og svarbrevet som revisor mottok frå administrasjonen (rådmannen).

5. Andre tenester

Vår organisasjon har medarbeidarar med betydeleg kompetanse og praksis innafor mange fagområder. Dette gjer oss i stand til å yte kompetent veiledning til Dykkar kommune, og som medlem av NKRF kan vi også trekke på kompetansen i eit stort fagmiljø. Vi bistår gjerne med veiledning innafor intern kontroll, meirverdiavgift, rekneskapsføring, budsjett, lov og forskrifter, osv.; - så langt det let seg gjere innafor våre oppgåver som kommunen sin revisor.


Vi stiller gjerne opp med fagdagar og dagsseminar innafor ulike tema, der vi har gode erfaringar med foredrag i einskildkommunen, eller å samle alle våre eigarkommunar på felles dagskurs, etc. Vi er non-profit-basert og budsjettkopla, så alle slike vil vere til sjølvkost. Pga. vår organisering er alle våre tenester overfor eigarkommunane og deira verksemder avgiftsfrie.



Vi håper innholdet i dette brevet samsvarer med kontrollutvalet si forståing av revisor sine roller og ansvarsområde, og vi ser fram til eit fortsatt godt og konstruktivt samarbeid kring våre revisjons- og rådgjevingstenester til beste for kommunen. Dersom noko er uklart eller utvalet har spørsmålsstillingar, håper vi De tek kontakt.

Førde den 9. februar 2012

Med helsing

Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487, 6801 Førde


Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef
Oppdragsansvarleg revisor finansiell revisjon

 **KRYSS REVISJON**
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Charles Litsheim
Revisjonssjef forvaltning
Oppdragsansvarleg revisor

Bremanger kommune
Rådmannen
6723 Svelgen

Dykkar ref.:
Rekneskapssamandrag
060112

Vår ref.:
\\bremanger\spelemiddelrek\rf

Arkivkode:
243

Journalnr.:
004 / 2011

Dokumentdato:
10. jan. 2011

REVISJONSUTTALE – SPELEMIDDELREKNESKAPEN FOR 1438 BREMANGER KOMMUNE, Anleggsnr 1438007101 "Nordsjøløype, Kalvåg".

Rekneskapen for ovannemnde nærmiljøanlegg har vore førelagt kommunerevisjonen i Bremanger kommune for gjennomsyn og kontroll.

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som er avtala kring slik rapportering. Vårt oppdrag er utført i samsvar med «ISRS 4400, Avtala kontrollhandlingar». Revisjonshandlingane er utført for å bistå kommunen og fylkeskommunen i vurderinga av riktigheita av rekneskapen og for at anlegget er i samsvar med Kulturdepartementet sine retningslinjer i Rundskriv V-0732.

Vi vil oppsummere vårt arbeide slik:

Det ligg føre rapporteringsskjema av 06.01.20121 for spelemiddelanlegget, som viser ein totalkostnad på kr 372.732,-. Totalverdi i søknad var på kr. 585.000,-. Det er oppført samla verdi av gåver, rabattar og dugnad for kr 250.000,-. Det er i samsvar med godkjend søknad. Under kontrollen er det framlagt brev av 10.06.2008 frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune, som viser eit tilskotstilsagn på kr. 202.000,- til prosjektet.

Vi har gjennomført følgjande kontrollhandlingar:

- ⊙ om rekneskapssamandraget er underskrive på vegne av kommunen
- ⊙ om rekneskapen er samanliknbar med kostnadsoverslaget
- ⊙ om verdien av dugnad, gåver og rabattar er ført opp iht godkjent kostnadsoverslag;
- sjå kommentar i avsnittet ovanfor
- ⊙ om sluttkostnaden for anlegget i rekneskapssamandraget utgjer verdien av kontantutgifter og verdiar av gåver, dugnader og rabattar slik det er oppstilt i rekneskapssamandraget/skjemaene
- ⊙ eit tilfeldig utplukk av utgiftsbilaga mht om:

- fakturaene er bokført med rett beløp
- det er utgifter som åpenbart ikkje synest å vedkome prosjektet
- utgiftene er stønadsberettiga etter regelverket
- det ligg føre betalingsbilag/kontoutskrift som dokumenterer betalinga

Utover det vi har nemnt i tredje avsnitt ovanfor, har ikkje vi ytterlegare kommentarar til sluttrekneskapa. Vi har gjeve vår påteikning på rekneskapsrapporteringa, med visning til denne melding, og reknar med at kommunen tek rekneskapsaka vidare til fylkeskommunen og dei instansar som elles er berørt i saka.

Florø den 10. januar 2012

Med helsing

KØYS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
TITTELIDEN OG SLANFJORD

Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef

Vedlegg:

Rekneskapsamandrag, søknad og tilsagn

KOPI:

Sogn og Fj. Fylkeskommune – Kulturavdelinga v/Kultur og idrettskonsulent Margit D. Kløvfjell
Kontrollutvalet i Bremanger ✓
Nordsjøløypa, Kalvåg, v/IL Frøy v/Leni Marie Lisæter
Kultursjefen i Bremanger, Espen Frøysland
Økonomisjefen i Bremanger

Bremanger kommune
v/Rådmannen
6723 Svelgen

Dykkar ref.:

Vår ref.:

\\årsavslutning2011/tv11

Arkivkode:

216

Journalnr.:

01 / 2012

Dokumentdato:

5. januar 2012

AVSLUTNING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR ÅR 2011

Vi nærmar oss raskt fristen for rekneskapsavlegginga for 2011, 15. februar 2012, og i den samanheng vil revisjonen allereie no minne om at *kommunen* skal avlegge årsrekneskapskapen for år 2011 til *kommunerevisjonen* innan den frist som er sett i forskriftene § 10; dvs. innan den 15.02.12.

Vi ber om at årsrekneskapskapen vert *oversendt* KRYSS Revisjon så snart den ligg føre. Samband med oversending av den ferdigstilte årsrekneskapskapen ønskjer vi å inn-hente eigen uttale frå kommuneleiinga. Vi ber såleis om at det vert utferdiga ei eigen *fullstendighets-erklæring* der det vert bekrefta at rekneskapskapen er *endeleg* avlagt, at den er *fullstendig og avstemt*, og at den *ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar*. I erklæringa til årsrekneskapskapen er det viktig at det blir gjeve opplysningar om andre vesentlege forhold som revisor bør ha med seg inn i det avsluttande revisjonsarbeidet for året. Vi legg ved ein eksempelmal på ei slik erklæring (vedlegg 1).

Revisjonen vil legge *mottaksdato* til grunn for eigen frist for oversending av revidert årsrekneskapskap til *Kontrollutvalet*, og vidare handsaming til *formannskapet og kommunestyret*.

Etter økonomibestemmelsane er periodiseringsfristen **31.12**. Vi minner her om at det er *anordningsprinsippet* som skal vere gjeldande, og i den samanheng viser vi også til at *bokføringslova* sine bestemmelsar no også eg gjeldande for kommunerekneskapskapen. Som ei hjelp i arbeidet med å etterleve *dokumentasjonskrava* i bokføringslova, og dei kommunale økonomibestemmelsar forøvrig, har vi laga til eit samandrag kring dette, og dette legg vi ved som vedlegg (vedlegg 2) til dette skriv.

Vi minner elles om dei krav som er stilt til kommunen si årsmelding/årsrapport (rekneskapsforskrifta § 10) og til dei notekrav som er stilt til rekneskapspresentasjon. Forskriftene sin frist for levering av årsmeldinga/årsrapporten er **31. mars 2012**.

Revisor skal stile revisjonsberetninga si til kommunestyret/bystyret v/ordføraren. Kopi går til *Kontrollutvalet* som skal handsame årsrekneskapskapen og revisjonsberetninga og skal kome med *uttale, og/eller eventuelle desisjonsforslag*, til årsrekneskapskapen til kommunestyret/bystyret *før* formannskapet gjev si *innstilling* i rekneskapsaka.

Forskriftene stiller krav om at *formannskapet si innstilling* overfor kommunestyret må innehalde *framlegg til bruk av overskot eller dekningsmåte for inndekking av underskot*. Innstillinga bør også innehalde korleis meirforbruk i kapitaldelen (investeringsrekneskapskapen) skal finansierast/budsjettmessig inndekkast.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. 57 75 60 97

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular

Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde

Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. 57 78 85 47

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Årsrekneskapen skal vere datert og underteikna av *rekneskapsansvarleg* og *administrasjonssjefen* (rådmannen), og *oppdragsansvarleg revisor* skal ved si påskrift referere til dato for tilhøyrande revisjonsmelding/-beretning.

Det kan oppstå situasjonar der administrasjonen sjølv eller revisor finn feil og manglar i den avlagde rekneskap, som ein i samråd med revisor velger å få retta opp. Dersom det av ulike årsaker blir føreteke endringar i rekneskapen etter at den er oversendt til revisor, skal det framleggast nytt rekneskap, med ny dato og nye underskrifter. Det må vere eit mål å ha minst mogleg med variantar av ein avlagd rekneskap, derfor bør det tilstrebast å ha ein mest mogleg korrekt, riktig og fullstendig rekneskap, med korrekte oversikter og rekneskapsutgreiingar når årsrekneskapen blir oversendt revisor.

Frå 2010 kom det endringar i revisjonsstandardene som gjer at revisor utformer ei revisjonsberetning til årsrekneskapen etter ein ny norm i forhold til tidlegare. Dette er økonomisjefane/rekneskapssjefane kjende med frå kurs; jfr. bl.a. økonominettverkssamlingane i regi av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Vi vil minne kommunane om at revisor etter det nye regelregimet no er forplikta til å skrive *negativ revisjonsberetning* pr. 15.04.12, dersom rekneskap og årsmelding/årsrapport ikkje ligg føre innan forskriftsfristane. Vi ber derfor om at kommunen tilstreber å halde fristen for rekneskapsavlegginga og fristen for årsmeldinga

Vi ser fram til eit konstruktivt samarbeid i det føreståande arbeidet med årsoppgjeret for 2011, og vonar administrasjonen legg opp rutiner som sikrar at økonomibestemmelsane, og dei fristar som er sett, skal kunne overhaldast.

Vi ønskjer administrasjonen lukke til med det føreståande rekneskapsarbeidet kring årsoppgjeret for 2011.

Florø den 5. januar 2012

Med helsing

Terje Førde
Revisjonssjef
(sign.)


KEYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
FLORESDEN OG SUNNFJORD
Trine Vokuhl
Kommunerevisor I

Vedlegg:

Eksempel på *fullstendighetserklæring* til årsrekneskapen for 2011
Revisjonsnotat 05.01.12: 'Dokumentasjonskrav i bokføringslova'

Kopi til: Ordfører
Økonomi
v/Reidar Håvardstun
Kontrollutvalet



BREMANGER KOMMUNE

SENTRALADMINISTRASJONEN

SM07-12

KOMMUNEREVISJONEN
Ytre Sogn og Sunnfjord
KRYSS-REVISJON

Dato: 07.02.12
Sak nr. 008-12
Arkiv: 216
Avd.kode: 1438
Sakshandsamar: S.S.
Off:
Reg.nr.:

Kryss Revisjon
Flora kommune
Strandgt. 43
6900 FLORØ

Vår ref.
12/95-2/K1-216/TOM

Dykkar ref.
misleghaldtilsyn12/tf12

Dato:
16.01.2012

Vedk. rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald, m.v.

Eg syner til dykkar brev datert 05.01.2012.

Underteikna har ikkje kjennskap til faktisk, mistenkt eller påstått misleghald i kommunen. I ein såpass stor og kompleks organisasjon som kommunen er, med eit stort tal tilsette og mange ulike einingar, kan eg likevel ikkje utelukke at dette kan skje.

Generelt sett vurderer eg risikoen for ev. misleghald størst i forhold til innkjøp av varer og tenester og sikring av at desse vert nytta til tiltenkte føremål i kommunen. Bremanger kommune har elektronisk bilagsføring i heile verksemda. Dette inneber m.a. at det ikkje er mogleg å tilvise utan at minst to personar har vore involvert i prosessen. Dette bidreg til redusert risiko for misleghald på innkjøpsområdet.

På bakgrunn av at risikoen vert vurdert som låg, er i avgrensa grad sett i verk tiltak med særskild fokus på misleghald. Eg meiner likevel dette ligg implisitt i arbeidet med implementering av nye rutinar og organisering av verksemda.

Svar på dei andre spørsmåla dykkar:

1. Rådmannen si eiga vurdering av risikoen for at kommunen sitt rekneskap kan innehalde vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald

Eg har ingen grunn til å tru at kommunen sin rekneskap inneheld vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald og vurderer risikoen for dette som liten.

2. Prossesar som lagt opp til å identifisere og handtere risiko for misleghald

Som nemnd innleiingsvis vurderer eg risikoen for misleghald som størst i samband med kjøp av varer og tenester. Den rekneskapsmessige inndelinga med tilvisingsmynde til namngjevne personar gjer at risikoen for store avvik er avgrensa. Den einskilde med tilvisningsmynde har avgrensa budsjett og store avvik vil fort kunne bli oppdaga. Det vert stilt krav til driftsleiarane om å ha fokus på økonomistyring, ved at dei no rapporterar på forventa avvik kvar månad. Organiseringa med kommunalsjefstillingar

Kontoradresse:
Rådhuset

Postadresse:
Postboks 104

Telefon / telefaks:

E-post / web:
tom.joensen@bremanger.kommune.no

Bankgiro:
3776.07.50035

6721 SVELGEN

6721 SVELGEN

57 79 63 01

www.bremanger.kommune.no

innan oppvekst- og helse- og omsorgssektoren gjer og at oppfølginga overfor driftseiningane er tettare enn tidlegare.

Elles, som nemnd innleiingsvis, bidreg elektronisk handtering av inngåande faktura til redusert risiko for uønska hendingar.

3. Kommunikasjon mellom rådmann kommunestyret vedkomande slike prosessar

Eg har ikkje eksplisitt sett på dagsorden prosessar rundt handtering av risiko for misleghald.

Gjennom jamleg rapportering til kommunestyret om status og utvikling vert det fokusert på politikarrolla sine hovudfunksjonar: ombods-, styrings-, arbeidsgjevar-, og utviklarrolla. I denne samanhengen vil i ein skilde høve vere naturleg å fokusere på prosessar knytt til identifisering og handtering av risiko. Dette gjeld og i samband med handsaming av regelverk/retningsliner og organisatoriske endringar.

4. Ev. kommunikasjon mellom rådmann og tilsette vedkomande egne synspunkt i forhold til forvaltningspraksis og etisk åtferd

Det vert halde minimum 4 driftssjefssamlingar kvart år med ulike tema. Då er kommunalsjefar, stab og alle driftssjefar samla. I tillegg vert det ein gong i månaden halde møte med kommunalsjefar og stab.

Målet med samlingane/møta er m.a. å skape felles haldningar og praksis i forvaltninga, samt å drøfte leirolla/-ansvaret i vid forstand. Her drøftar ein m.a. etikk og kommunen sine reglement/retningsliner. Formidling av rådmannen sine syn i høve til forvaltningspraksis og etisk åtferd er ein naturleg del av dette.

Elles nyttar vi rundskrivsordninga til å formidle retningsliner og forventningar til forvaltningspraksis.


5. Om rådmannen har kjennskap til om kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldast mislegheter som kan knytast til nærstående partar og transaksjonar med desse

Bremanger har avgrensa nærstående partar det vert utført transaksjonar mellom som ikkje er regulert av fastsette marknadsprisar eller gebyr basert på sjølvkost. Selskap/føretak dette gjeld er:

Føretak/Selskap	Tenester	Fastsetting av pris
Bremanger Hamn og Næring KF	Sal av rekneskapstenester	Fastsetting i budsjettvedtak
Frøysjøterminalen KF	Sal av rekneskapstenester	Fastsetjing i budsjettvedtak
Miljøvarme AS	Kjøp av varmvatn	Avtalefesta
Rise næringsbygg AS	Leige av lokaler	Fastsett i vedtak

Underteikna har ikkje kjennskap til at kommunen er eksponert feil eller manglar som skuldast mislegheter i samband med transaksjonar med desse.

Med helsing


Tom Joensen
rådmann

Kopi: Økonomisjef.

Bremanger kommune
v/Rådmannen

6723 Svelgen

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	\misleghaldtilsyn12/tf12	216	02 / 2012	5. januar 2012

RÅDMANNEN SITT TILSYN I FORHOLD TIL RISIKO FOR MISLEGHOLD, M.V. :

I følge gjeldande *revisjonsstandardar* (ISA) skal revisor opparbeide seg ei forståing av kommunen si verksemd og dei risikoforholda som knyter seg til den økonomiske rapporteringa i kommunen. Bakgrunnen for dette er at revisor skal kunne rette sin innsats inn imot områder der risikoen er størst for at vesentleg feilinformasjon, eller områder der faren for at feil og manglar av vesentleg karakter, kan oppstå. Dette enten slik feilinformasjon, eller feil og manglar, skuldast bevisste eller ubevisste feil.

For å vere oppdatert og deri oppnå auke i forståinga av den kommunale verksemda og eksisterande risikoforhold, krev gjeldande revisjonsstandard at *revisor skriftleg innhentar årleg* uttale frå leiinga i kommunen om korleis risiko for misleghald vert vurdert, korleis denne risikoen blir handtert, kommunikasjon nedover i organisasjonen i forhold til handtering av risiko, og kommunikasjon frå leiinga i forhold til forvaltningspraksis og etisk adferd.

Revisjonen tør derfor be om skriftleg tilbakemelding på følgjande:

- rådmannen si eiga vurdering av risikoen for at kommunen sitt rekneskap kan innehalde vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald
- kva prosessar rådmannen har lagt opp til for å identifisere og handtere risiko for misleghald i kommunen – inkludert eventuelle betydelege risiki for misleghald som er identifisert, eller postar i rekneskapen eller opplysningar knytta til rekneskap, der det er sannsynleg at det ligg føre misleghald
- kva eventuell kommunikasjon har rådmannen med Bremanger Kommunestyre vedkomande slike prosessar
- kva eventuell kommunikasjon rådmannen har med tilsette vedkomande eigne synspunkt i forhold til forvaltningspraksis og etisk åtferd
- om rådmannen har kjennskap til eventuelle faktiske, mistenkte eller påståtte misleghald i kommunen

- om rådmannen har kjennskap til om kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldst mislegheiter som kan knytast til *realasjonar til nærståande partar* og transaksjonar med desse:
 - *kva er identiteten til kommunen sine nærståande partar og kva eventuelle endringar som har vore det siste året*
 - *kva slags relasjonar kommunen har til desse nærståande parter, og*
 - *korvidt kommunen har gjennomført transaksjonar med desse og i tilfelle ja, kva slags transaksjonar, og kva som var føremålet med transaksjonane*

Vi håper De kan gje oss nokre kommentarar til ovannemnde, og tør be om rådmannen sitt svar tilbake til oss kan ligge føre innan 10. februar 2012.

Florø den 5. januar 2012

Med helsing



Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef



Trine Vokuhl
Kommunerevisor I

Kopi: Kontrollutvalet
Ordføraren



Skatteetaten

Saksbehandlar
Bjørn Riple Sandnes

Dykkar dato

Vår dato
24.10.2011

Direkte tlf
55578428

Dykkar referanse

Vår referanse
2011/121617

SM-08-1

SKATTEOPPKREVJAREN I BREMANGER KOMMUNE
RÅDHUSET
6723 SVELGEN

KOMMUNEREVISJONEN
Ytre Sogn og Sunnfjord
KRYSS-REVISJON

Dato: 7/2/12 Off:
Sak nr: Regnr:
Arkiv:
Avd.kode:
Sakshandsamar

Rapport frå stadleg kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen i 1438 Bremanger kommune 2011

Vi viser til vårt kontrollbesøk 15.- 16. september 2011 utført av Bjørn R. Sandnes frå Skatt vest. Til stades frå skatteoppkrevjarkontoret var Bjørn Nesbø. Kontoret var varsla om kontrollbesøket i vår e-post av 2. september og endelig stadfesting i e-post den 6. september 2011.

Vår kontroll bygger på *Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverkontorene*, fastsett av Skattedirektoratet 1. februar 2011. Instruksen gjeld skattekontora sin kontroll av skatteoppkrevjarkontora sine oppgåver knytt til føring av skatterekneskapen, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll etter lov av 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkrevjing av skatte- og avgiftskrav (Skattebetalingsloven).

Føremålet med instruksen er å sikre at det vert gjennomført kontrollaktivitet som avklarar om den faglege utføringa av oppgåvene ved skatteoppkrevjarkontoret følgjer lover, forskrifter, instruksar og regelverk elles. Instruksen skal og sikre at skatteoppkrevjarane vert gjevne pålegg der den faglege utføringa ikkje er tilfredsstillande, og at pålegg og tilrådingar vert følgde opp.

1 Omfang og føremål med kontrollen

Kontrollen har omfatta følgjande hovudområder:

- internkontrollen ved skatteoppkrevjarkontoret
- skatterekneskapen
- innkrevjingsarbeidet

Skattekontoret har avgrensa kontrollen til å gjelde utvalde områder innanfor det einskilde hovudområdet.

Postadresse
Skatt vest
Njøsavegen 2
6863 Leikanger
skattvest@skatteetaten.no

Besøksadresse
Sjå www.skatteetaten.no eller
ring gratis 800 80 000
Org. nr.: 991733108

Sentralbord
800 80 000
Telefaks
51 91 73 01

2 Oppfølging av pålegg og tilrådingar frå kontorkontrollar

Det er ikkje gjeve pålegg eller tilrådingar ved gjennomførte kontorkontrollar.

3 Oppfølging av pålegg og tilrådingar frå tidlegare kontrollar

3.1 Følgjande pålegg og tilrådingar gitt i rapport av 09. 06. 2010 reknar vi som etterkomne:

Pålegg om:

- 4.1.1 Arbeidsdeling ved utbetaling

Tilråding om:

- 4.2.2 Handtering av manuelle vedlegg
- 4.2.3 Endringsavregning – berekning av avsavnsrenter
- 4.2.4.2 Bankavstemming
- 4.2.4.3 Endring av bankkonto for skattytar
- 4.2.1 Lokal tilpassa rutineskildring
- 4.2.5 Inkrevjingsaktivitet
- 4.2.4 Intern kontroll

4 Pålegg og tilrådingar som følgje av denne stadlege kontrollen

4.1 Pålegg

Pålegg vert gjeve når kontrollen avdekker brot på lover, forskrifter, instruksar og regelverk elles. Pålegga er anten krav om at eksisterande tilhøve skal rettast, eller om at kontoret sin praksis må endrast. Det vert forventa at skatteoppkrevjar rettar seg etter pålegga innan fristane som vert gjevne.

4.1.1 Bankavstemming – kvalitetsikring

Me visar til tidlegare sende rapport frå Regional kontrollenhet etter stadleg kontroll i 2009 pkt. 4.2.3 der dette er teke opp.

I følge Sofie si rutine for avstemming av bank konto, rev. pr. februar 07 skal gjennomført avstemming godkjennast av person nr. 2, som skal datere og signere for utført kontroll. Denne signaturen bekreftar at:

- *Det ikkje ligg føre uforklarte avvik*
- *Det ligg føre forslag til tiltak på forklarte avvik*
- *Avstemming er gjennomført og dokumentert i hh. til rutineskildringane.*

I samband med periodisk oppgjer skal skatteoppkrevjarkontoret fylle ut og sende inn ei avstemmingsmappe der avstemming av bank inngår som del av innsendinga. Ved kontroll av innsendt periodiske oppgjer har vi erfart at skjema for avstemming av bank er signert elektronisk av skatteoppkrevjar som utøver og økonomisjef som kontrollerer. Det er likevel slik at denne signaturen ikkje erstattar ein manuell signatur på dei originale avstemmingsarka som skal arkiverast på skatteoppkrevjarkontoret. Den elektroniske signaturen er berre meint som ein representasjon av den manuelle signaturen som stadfester utført kvalitetsikring. Ved besøket fann vi at mange avstemmingsark hadde skatteoppkrevjar si elektroniske signatur, utan at reell kvalitetsikring hadde funne sted.

Regional kontrollenhet pålegg skatteoppkrevjar å sørge for at dei originale avstemmingsarka for bank i samband med periodisk oppgjer verte datert og signert av den som utfører avstemminga og datert/signert av den som kvalitetsikrar.

4.1.2 Betalingsordningar, krav til søknad og vurdering av vilkår

I følgje Skattebetalingsloven § 15-2 og Skattedirektoratet si nye melding av 8. juli 2011 (nr. 9/11), om lemping av skattar og avgifter med omsyn til det offentlige som kreditor, kjem det mellom anna fram at søknader om betalingsavtalar skal vere skriftlege og dokumentere søkjaren sin økonomiske stilling. I meldinga sitt kapittel tre kjem det fram kva for vilkår som gjeld for bruk av betalingsavtalar.

I samtale med skatteoppkrevjar i Bremanger kommune kom det fram at dei ikkje nyttar grunngjevne skriftlege søknadar frå skattytar. Dei nyttar heller ikkje dokumentasjon som viser at skatteoppkrevjar har vurdert og funne at vilkåra for betalingsavtalane er oppfylde.

Udokumenterte søknader som berre inneheld skattyter sitt ønske om betalingsutsetjing er ikkje tilstrekkeleg for å få oppfylle krava i SKD –melding 9/11. I tillegg må skatteoppkrevjar dokumentere si vurdering av om vilkåra for ei betalingsordning vere oppfylde.

Vi vil gjere merksam på at krava til søknad, dokumentasjon, sakshandsaming og sakshandsamar si vurdering er likeeins for alle saker, både for dei som er innanfor skatteoppkrevjar si eiga fullmakt og for saker som må avgjerast hjå skattekontoret etter innstilling frå skatteoppkrevjar.

Vi pålegg skatteoppkrevjar å følgje gjeldande retningslinar, slik at rutinar og praksis i handsaming av betalingsavtaler følgjer dei krav Skattedirektoratet har stilt til dokumentasjon og handsaming, jf SKD-melding 9/11 punkt 4.

4.2 Tilrådingar

Skattekontoret kan etter instruksen og gje tilrådingar om forhold ved skatteoppkrevjarkontoret som bør betrast. Ved vårt besøk kjem det fram tilhøve som vi meiner bør betrast.

4.2.1 Intern kontroll – kvalitetsikring

Det går fram av "Instruks for skatteoppkrevjar" § 2-2 nummer 1 at "Skatteoppkrevjaren skal sørge for at kontoret har ein tilfredstillande intern kontroll. Ein god intern kontroll skal mellom anna hindre bevisste og ubevisste feil i rekneskapen.

Skatteoppkrevjar har rutine på å kvalitetsikra permene for dei manuelle vedlegga, men den interne kontroll hos skatteoppkrevjar kan fortsatt betrast. Ved gjennomgang av perm for førehandslikningar, fann me mangelfull kvalitetsikring.

P.g.a at skatteoppkrevjar er mykje aleine om å utføre alt arbeid på skatteoppkreverfunksjonen bør eit samarbeid med annan kommune om å utføre intern kontroll vurderast. Dette vart nemnd på Internkontroll-kurset i Førde og vart positivt teke imot.

Regional kontrollenhet rår til at kontoret får på plass ein meir omfattande intern kontroll ut frå kravet i "skatteoppkreverinstruksen" § 2-2 nr.1, og "Retningslinjer til utfylling av skatteoppkreverinstruksen kapittel 1 til 3", punkt 4. Gjennomført intern kontroll må og dokumenterast, slik at etterkontroll er mulig.

4.2.2 Teieplikterklæring og tilgang til Sofie for tilsette i samarbeidskommunen.

Teieplikta går fram av *Skattebetalingsloven* som gjelder frå 1.1.2009.

Skatteoppkrevjarkontoret har oppfylt krava når det gjeld teieplikta for tilsette ved skatteoppkrevjarfunksjonen i Bremanger kommune. Men me har ikkje motteke teieplikterklæring etter inngått samarbeidsavtale mellom Bremanger og Eid kommune. Me ynskjer kopi av teieplikterklæring frå tilsett i Eid kommune som har tilgang til Sofie i Bremanger ved fråvær av skatteoppkrevjaren i Bremanger. Vi kan ikkje sjå at tilsette frå Eid kommune har fått tildelt roller hos skatteoppkrevjar i Bremanger. Ved tildeling av roller i SOFIE må ein ta kontakt med Brukarstøtte for Skatteetaten slik at det kjem fram på Discoverer-rapport kven tilgongane gjeld.

Vi tilrår at manglande teieplikt av tilsett hos skatteoppkrevjaren i Eid kommune, som jobbar med Bremanger kommune sitt skatterekneskap, blir utferdinga og kopi sende oss innan fristen for svar frå skatteoppkrevjar på denne rapporten.

4.2.3 Lokale rutineskildringar

I følgje "Instruks for skatteoppkrevere" § 2-2 punkt 2 skal skatteoppkrevjaren som ein del av den interne kontrollen utarbeide rutineskildringar for kontoret si verksemd.

Skatteoppkrevjar har sende oss omfattande og innhaldsrike rutineskildringar, men dei må oppdaterast etter endringar som har skjedd. Mellom anna har pkt. 2.4 i rutineskildringane inga opplysningar om at det er søkt om og fått innvilga dispensasjon frå hovudregelen. I pkt. 1.1 er det sagt at skatteavdelinga har pr. i dag 1,2 årsverk ved at ein person i tillegg til skatteoppkrevjar skal ha 20 % knytt til skatt. Imidlertid har dette ikkje fungert, og det må vurderast om rutinen må endrast på dette punktet.

Nokre rutinar kan ein utdjupa meir f.eks. når det gjeld utbetalingar må rutineskildringane fortelje noko om korleis person 2 kvalitetsikrar vedlegga. Når det gjeld inhabilitet hos skatteoppkrevjar skal saka leggas fram for skattekontoret for eventuell overføring til anna skatteoppkrevjarkontor. Meir utdjupande rutinar kring habilitet må bli teke med i ny oppdatert versjon, i tillegg rutinane kring skatteoppkrevjar si tildeling og vedlikehald av systemtilgangar.

Skatteoppkrevjar opplyste at rutineskildringane vart årleg oppdaterte. Siste oppdatering var i januar 2011.

Regional kontrollenhet rår til at skatteoppkrevjar kontoret får på plass oppdaterte og utvida rutineskildringar for skatteoppkrevjarfunksjonen. Regional kontrollenhet ynskjer tilsendt kopi når skildringane er oppdaterte.

4.2.4 Utleggsforretningar

I følgje skatteoppkrevjarinstruksen § 4-1 nr. 1 skal skatteoppkrevjar sikre og innkrevje dei krav vedkomande har til innkrevjing etter instruksen § 4-3 nr. 1. Skatteoppkrevjar skal snarast sikre nødvendig rettsvern når det er halde utleggsforretning.

Skatteoppkrevjar skriv i si tilbakemelding til oss etter stadleg kontroll i 2010 at : ” SKO har i den seinare tid gjennomført utleggsforretning for nokre krav, og vil fortsette med dette der det er behov for det.”

Det vert vist til pkt. 3.1 der det er konkludert med at punktet er oppfylt. Regional kontrollenhet oppmoder skatteoppkrevjar fortsatt å prioritere området høgt.

Ein del av utleggsprosessen er å verdivurdera dei objekt det vert teke pant i. Iht. tvangslova § 7-18 skal utleggsobjekta verdsettast. Ved gjennomføring av utleggsforretning der det vert oppnådd pant, er verdivurdering viktig. Alle panteobjekt skal verdivurderast. Verdivurderinga skal skje etter alminneleg skjønn. Skatteoppkrevjar bør undersøkje lett tilgjengelig kjelder i arbeidet med verdivurdering. Denne verdien skal registrerast i SOFIE. Med tanke på eventuell realisasjon av panteobjekta i ettertid, er det viktig at dette vert gjennomført.

I samtale med skatteoppkrevjar kom det fram at dette arbeidet ikkje har vore prioritert. Verdivurdering av panteobjekta vil kunne vere med på å sikre ei betre oppfølging av saker der panteobjekt kunne ha vore tvangselt.

Regional kontrollenhet rår skatteoppkrevjarkontoret til å ha fokus på dette med verdivurdering av panteobjekt samt å syte for at det vert lagt inn verdivurdering i SOFIE.

4.2.5 Forelda krav

I forskrift om føring av skatteregnskapet fastsett av Skattedirektoratet 18. desember 2008 § 7 punkt 1, vert det stilt krav om at "skatteoppkreveren skal registrere alle opplysninger som har betydning for skatteregnskapet uten ugrunnet opphold".

Vi kjørte i samband med besøket ut "Discoverer-rapport" "Restanseliste – forelda krav" for perioden : 01.01.1980 – 30.12.2011. På denne listen kjem det fram at krav framstår som forelda. Dersom restansane er forelda, må korrekte prosedyrar for avskrivning setjast i verk med søknad til skattekontoret eller innafor eigne fullmakter. Dersom restansen ikkje er reelt forelda, må relevante fristavbrytande tiltaket og korrekt fordelingsdato registrerast i Sofie.

Lista vart gjennomgått med skatteoppkrevjar ved besøket. Skatteoppkrevjar har søkt skattekontoret om å avskriva desse krava som gjeld utlendingar utan adresse. Hun fikk avslag som grunn gav at utlendingar med tilsynlatende forelda restanse får utvida foreldelsefrist på inntil 10 år. Sjå foreldeseloven § 10 nr. 1 - 3.

Vi rår skatteoppkrevjar til å oppdatere dei aktuelle krav med korrekt dato for forelding, samt å oppdatere rutineskildringane sine med punkt som omhandlar dette området.


5 Skatteoppkrevjarkontoret si tilbakemelding på rapporten

Dersom noko er uklart eller misforstått frå vår side, eller det er andre spørsmål til rapporten, kan De venda Dykk til underteikna.


Vi ber om skriftleg tilbakemelding på dei tiltaka skatteoppkrevjar vil sette i verk vedkomande pålegg og tilrådingar som er gjevne i rapporten punkt 4. Vi ser fram til å få tilbakemelding innan 18.11.11, og vi ber om at den vert merka med saksnummer 2011/121617.

Vi takkar for god hjelp i samband med vårt kontrollbesøk og håpar at det gode samarbeidet held fram.

Med helsing


Jan Kåre Strøm

underdirektør
Regional kontrollenhet
Skatt vest


Bjørg R. Sandnes
revisor

Kopi: Skatt vest, Innkreving v/styringsgruppen

Skatt Vest Leikanger

v/Björg R. Sandnes

Njøsavegen 2

6863 Leikanger

Tilbakemelding rapport frå stedlig kontroll i Bremanger kommune - september 2011

Eg viser til rapport datert 24.10.2011.

4.1.1

Det vart bemerkta at originale avstemmingsarka ikkje hadde manuell signatur. Dette vil bli retta opp.

4.1.2

Når ein skattytar ringjer og ber om nedbetalingsavtale blir han bedt om å sende skriftleg søknad, og dette blir gjort. Som oftast gjeld søknaden kun å få delt opp restansen i mindre avdrag., f.eks i 4 rater.

SKO nyttar eit behandlingsblad til betalingsavtale der kvar enkelt forespørsel blir vurdert.

Vårt felles mål er at restansane blir innbetalt.

Sko sin erfaring er at skatterestansane blir oppgjort og forseinkingsrenter blir betalt, sjølv om det tek litt lenger tid.

4.2.1

Ein av medarbeidarane på økonomikontoret har gått over i anna stilling, og stillinga hennar er utlyst. I utlysingsteksten står det at vedkomande som blir tilsett, også skal arbeide med skatt. Kor stor del av stillinga dette blir, er ikkje avklart enno. Kjem tilbake til dette når tilsetjing foreligg.

4.2.2

Teiepliktserklæring for tilsette hos skatteoppkrevjaren i Eid vart innhenta 17.11.2011, og blir lagt ved dette tilsvaret.

4.2.3

Det er søkt om – og innvilga dispensasjon, sjå vedlegg. Dette vil bli teke inn i rutinebeskrivelsen. Bremanger og nordfjordkommunane samarbeider om å oppdatere denne. Vi har møte minst ein gong pr. år, og heile rutinebeskrivelsen blir gjennomgått. Siste samlinga hadde vi den 17. november 2011. Punkt vedk. habilitet blir teke med i oppdatert versjon. Oppdatert rutinebeskrivelse blir sendt straks denne er klar.

4.2.4


Verdivurdering av utleggsobjekt vil bli gjennomført etter skjønn.

4.2.5

Tilråding under dette punkt vil bli fulgt.

Svelgen, 28. november 2011


Björg Nesbø

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Björg Nesbø', written over a horizontal line.

Vedlegg:

Teieplikterklæring for medarbeidarar i Eid

Søknad/Innvilging dispensasjon frå SKO-instruks §3-4



Årsrapport for 2011

**Skatteoppkreveren i
Bremanger kommune**

Innhold

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet	3
1.1 Skatteoppkreverkontoret.....	3
1.1.1 Ressurser	3
1.1.2 Organisering.....	3
1.1.3 Ressurser og kompetanse	4
1.2 Internkontroll	4
1.3 Vurdering av skatteinngangen	4
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret.....	4
1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret.....	4
1.4 Skatteutvalg	4
2. Skatteregnskapet.....	4
2.1 Avleggelse av skatteregnskapet.....	4
2.2 Margin	5
2.2.1 Margin for inntektsåret 2010.....	5
2.2.2 Kommentarer til marginavsetningen.....	5
3. Innfordring av krav	5
3.1 Restanseutviklingen.....	5
3.1.1 Totale restanser og berostilte krav	5
3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser	6
3.1.3 Restanser eldre år	7
3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år	7
3.2 Innfordringens effektivitet.....	7
3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 30.06.2011.....	7
3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat.....	7
3.2.3 Omtale av spesielle forhold.....	8
3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen	8
3.3 Særnamskompetanse.....	8
4. Arbeidsgiverkontroll.....	8
4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen	8
4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller.....	8
4.3 Resultater fra arbeidsgiverkontrollen	8
4.4 Vurdering av arbeidsgiverkontrollen	9
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører	9
4.6 Gjennomførte informasjonstiltak	9

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet


1.1 Skatteoppkreverkontoret

1.1.1 Ressurser

Ressursfordeling	Årsverk	%-andel fordelt
Antall årsverk ved skatteoppkreverkontoret som kun er benyttet til skatteoppkreverfunksjonen i regnskapsåret	1	100 %
Ressursbruk ved skatteoppkreverkontoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatteregnskap		20 %
Innfordring av skatt og arbeidsgiveravgift		45 %
Arbeidsgiverkontroll		10 %
Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og regnskapsførere/revisorer		10 %
Skatteutvalg		5 %
Administrasjon		10 %
(Andel fordelt skal være 100 %)	Sum	100 %

1.1.2 Organisering

Økonomiavdelinga i Bremanger kommune er organisert slik:



Økonomiavdelinga sitt ansvarsområde er firedeelt:

- 1 Innkrevjing av skatt og arbeidsgjevaravgift på vegne av staten etter skattebetalingslova og instruksar frå skattedirektoratet og Skatt Vest.
- 2 Rekneskapsførarfunksjonen for kommunen.
- 3 Innkrevjing av kommunale avgifter, eigenbetaling m.m., innkjøp.
- 4 Drift, økonomisk planlegging med årsbudsjett og økonomiplan.

SKO har det daglege ansvaret for alle oppgåver som omhandlar skatt, sjå punkt 1 ovanfor.

1.1.3 Ressurser og kompetanse

Som ein kan sjå av organisasjonskartet, har Bremanger kommune 1,2 stilling som skal vere knytt opp mot skatt. I tillegg har også økonomisjefen tilgang til skatterekneskapen.

For tida blir dei fleste oppgåvene utført av skatteoppkrevjar åleine.

Økonomisjefen godkjenner utbetalingane i bank, og 1. sekretær skatt anviser utbetalingsoppdrag i Sofie når ikkje samarbeidspartnar i Eid kommune er tilgjengeleg.

RK har påpeika at kontoret er svært sårbart når det gjeld ferieavvikling/langtidsfråvær. Vi har fått til ei tilfredsstillande "back-up" løysing ved inngåing av avtale med Skatteoppkrevjarkontoret i Eid om overlapping. Vi anser no å ha løyst dette problemet.

1.2 Internkontroll

Bremanger kommune og Nordfjordkommunane har i samarbeid utarbeidd rutinebeskrivelse og verksemdsplan. Rutinebeskrivelse og verksemdsplan er no ferdig tilpassa det enkelte kontor, og blir fortløpande oppdatert.

1.3 Vurdering av skatteinngangen

1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret

For 2011 er det innbetalt totalt kr 362.234.690,- mot kr 311.183.579,- i 2010
 Dette er ein auke på kr 51.051.111,-.

1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret

Fordelinga mellom skattekreditorane har i 2011 vore slik:

Kommune:	kr	85.931.681
Stat:	"	144.125.410
Fylke:	"	17.941.221
Trygd/fond	"	114.236.378

1.4 Skatteutvalg

Frå 2009 skal skatteutvalsaker sendast til Skatt Vest. Skatteoppkrevjaren skal lage innstillinga. Skatteoppkrevjaren i Bremanger har ikkje hatt nokon slike saker i 2011.

2. Skatteregnskapet

2.1 Avleggelse av skatteregnskapet

Avleggelse av skatteregnskapet

Skatteoppkreveren i Bremangerkommune bekrefter at skatteregnskapet for 2011 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldende forskrifter og retningslinjer, jfr. Instruks for skatteoppkrevare, § 3-1.

- Det er ikkje motteke pålegg om regnskapsføringa, rapporteringa og avleggelsen av skatteregnskapet frå regional kontrollenhet.

Årsreknskapen for 2011 følgjer som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkrevjaren.

2.2 Margin

2.2.1 Margin for inntektsåret 2010

Beskrivelse	Beløp
Innestående margin for inntektsår 2010, pr. 31.10.2011	0
For mye avsatt margin for inntektsår 2010	
For lite avsatt margin for inntektsår 2010	6.483.800

Marginprosent

Prosentats marginavsetning: 8 %. Gyldig fra: (dato)

2.2.2 Kommentarer til marginavsetningen

Marginavsetning for inntektsåret 2011, pr. 31.10.2011 kr 13.914.519

Gjeldende prosentats: 8%.

Marginprosenten har vore 8% i fleire år, og det har i årevis vore underskudd på margin.

I kommunestyremøte i desember 2011 vart det vedteke at prosenten skal aukast til 10% frå 01.01.2012.

3. Innfordring av krav

3.1 Restanseutviklingen

3.1.1 Totale restanser og berostilte krav

Skatteart	Restanse 31.12.2011	Herav berostilt restanse 31.12.2011	Restanse 31.12.2010	Herav berostilt restanse 31.12.2010	Endring i restanse Reduksjon (-) Økning (+)	Endring i berostilt restanse Reduksjon (-) Økning (+)
Sum restanse pr. skatteart						
Arbeidsgiveravgift	654701		349088		+305613	
Artistskatt	0		0			
Forsinkelsesrenter	420135		438209		-18074	
Forskuddsskatt	0		0			
Forskuddsskatt person	1160556		1384232		-223676	

Forskuddstrekk	394953		178156		+216797
Gebyr	0		0		
Innfordringsinntekter	16283		23077		-6794
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0		0		
Kildeskatt	0		0		
Restskatt	1478760		1413627		+65133
Restskatt person	3079381		3488018		-408637
Sum restanse diverse krav					
Diverse krav	0		0		
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	7204769		7274406		-69637

3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser

Forskotsskatt person:

Av utestående beløp – kr 1.160.556,- er kr 663.159,- fastholden forskotsskatt for tidlegare år. Av utestående for 2011 blir storparten innbetalt i jan/februar.

Forskotsskatt upersonlege:

Ingen restansar.

Restskatt person:

Bremanger kommune har ein del vanskelege skattytarar. Dei fleste restansane er sikra med utleggsforretning. Der ein har funne arbeidsgjevar er det lagt inn påleggstrekk. Nokre av skuldnarane har oppdrag for kommunen, og desse blir motreka. Det blir lagt inn motrekning på dei skuldnarane som får tilskot frå SLF. Vi har også ein del utanlandske skattytarar som har fått restskatt, og som er flytta frå landet, og det har vore umuleg å finne rett adresse.

Restskatt:

Pr. 31.12.2011 sto det ubetalte restskattar med kr 1.478.760,-. Det vart foreteke endring av likning forei verksemd for 2005 og 2006. Dette resulterte i ein auke restskatt eldre år med kr 1.417.404,-. Verksemda klaga på vedtaket, men fekk ikkje medhald. Dei betaler no ned på skattegjelda i månadlege rater. Gjenstående restanse pr. 31.12.2011 var for denne verksemda på kr 1.285.849,-. Kr 146.264,- gjeld to konkursar. Det resterande beløpet – kr 46.447,- vil bli oppgjort innan kort tid.

Arbeidsgjevaravgift:

Restansen skuldast følgjande:

Kr 42.695,- skuldast skjønnsfastsetjingar gjort av LK. Beløpet er teke med i ei gjeldsordning.

Kr 190.079,- gjeld 2 konkursbu.

Kr 408.924,-,- gjeld arbeidsgjevarar som har hatt betalingsvanskar, men som no er begynt å gjere opp for seg,-

Kr13.403,-,- blir/er blitt innbetalt i januar 2011.

Forskotstrekk:

Restansen skuldast følgjande:

Kr 203.160,-,- gjeld eit konkursbu.

Kr 191.793,-,- gjeld arbeidsgjevarar som har hatt litt litt betalingsproblem.

Alle restansane er gjort opp i januar..

3.1.3 Restanser eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2009	633.918	469.161
2008	236.126	156.251
2007	207.208	205.940
2006 – 19XX	2.467.559	462.494

3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år

For eldre år har Bremanger ein del restansar. Dei fleste er sikra gjennom utleggsforretning. Der ein finn arbeidsgjevarar blir det lagt inn utleggstrekk. Ein del av restskattane gjeld utlendingar som er reist frå landet, og det er umuleg å finne rett adresse. Nokre av desse restskattane er forelda, og det er søkt om å få avskrive dei som ufåande.

Kontoret har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato t.o.m. 31.12.2011.

Antall krav som var forelda pr. 31.12.2011: 3

Samla beløp på krav som var forelda pr. 31.12.2011: kr 7.504,-.

Totalt er det i 2011 avskrive skattar og avgifter med kr 75.140,-.

Av dette beløpet gjeld kr 52.645,- avskrivning av 2 gjeldsordningar som er avslutta.

Resten – kr 22.495,- - gjeld avskrivning av renter.

3.2 Innfordringens effektivitet

3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 30.06.2011

Resultat innfordra restskatt for 2009 pr. 30.06.11 var 55,2 %. Kravet var på 55%.

3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat

Også i 2011 er det lagt inn pålegg om trekk i lønn der skattytar ikkje har gjort opp sine forpliktelsar. Det er også i 2011 utarbeidd betalingsavtaler. Dette er innkrevjingsmåtar som

gir gode resultat. Det har også vore ein del motrekningar i eksterne fakturaer. Det er også haldne utleggsforretningar.

3.2.3 Omtale av spesielle forhold

Tidleg i 2010 vart likninga for 2005 og 2006 endra for ei bedrift. Den nye restskatten utgjorde kr 1.417.404,-. Verksemda klaga på avgjersla, men fekk ikkje medhald. Dei betaler no ned på gjelda med ein månadleg sum på min. kr 60.000,-.

3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen

Ved å nytte telefoninkasso aktivt og halde fleire utleggsforretningar kan det vere muleg å få til ei meir effektiv innfordring.

3.3 Særnamskompetanse

Skatteoppkrevjaren i Bremanger har hatt særnamsmynde sidan juli 2000. Dette er bra, ein slepp den til tider lange handsamingstida hos ordinær namsmann

Arbeidsgiverkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen

Bremanger kommune er pr. i dag ikkje deltakar i noka interkommunalt samarbeid, men prøver å utføre også denne oppgåva med egne ressursar.

Det er tilsett ein ny rekneskapsmedarbeidar på Økonomikontoret. Han tek til i stillinga 1. mars 2012. Deler av stillinga hans vil bli knytt opp mot skatt. Kor stor del dette vil utgjere, er ikkje heilt avklart endå.

4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller

Antall planlagte kontroller for 2011: 8

Som utgjør: ca 5 % av totalt antall leverandører av LTO i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller 2011: 1

Som utgjør: 0,7 % av totalt antall leverandører av LTO i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller i 2010: 8

4.3 Resultater fra arbeidsgiverkontrollen

Det er ikkje avdekka noko beløp i 2011. Enkelte arbeidsgjevarar er ikkje flinke til å melde arbeidstakarane inn og ut av AA-registeret. Dette er påpeika i rapportane til dei det gjeld.

4.4 Vurdering av arbeidsgiverkontrollen

Kravet som vart sett for 2011 er ikkje oppfylt. Dette arbeidet har dessverre ikkje vorte prioritert i 2011. Eg håpar at dette kan rette på seg når den nye medarbeidaren på Økonomikontoret tek til i stillinga 1. mars 2012. D

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører

I 2011 har det ikkje vore samarbeid med andre kontrollaktørar

4.6 Gjennomførte informasjonstiltak

Nye arbeidsgjevarar har fått tilsendt info.

Sted/dato: Svelgen, 18. januar 2012

Bjørg Nesbø

Skatteoppkreverens signatur

Vedlegg: Årsregnskapet for 2011 - signert av skatteoppkreveren.

Årsregnskap - kommune - sammendrag

Utvalgskriterier: Komm nr: '1438', År: '2011', Hovedbokstype: 'k'

	Valgt år	Forrige år
Likvider	19 370 530	17 413 569
Skyldig skattekreditorene	-1 536 423	-550 043
Skyldig andre	-83 648	-11 225
Innestående margin	-17 750 457	-16 852 299
Udisponert resultat	-2	-2
Sum	0	0
Arbeidsgiveravgift	-45 001 654	-43 396 076
Personlige skatteyttere	-245 426 787	-234 565 390
Selskapsskatt	-71 394 607	-33 366 363
Renter	-388 267	117 933
Innfordring	-23 375	26 317
Sum	-362 234 690	-311 183 579
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	45 001 654	43 396 076
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	69 234 724	64 308 697
Fordelt til Fylkeskommunen	17 941 221	18 120 031
Fordelt til kommunen	85 931 681	91 011 309
Fordelt til Staten	144 125 410	94 347 466
Krav som er ufordelt	0	0
Videresending plassering mellom kommuner	0	0
Sum	362 234 690	311 183 579
Sum totalt	0	0

Sveigen 18/11-2012
SKATTEOPPKREVJAREN I BREMANGER
6721 SVEIGEN
Bjorg Nesby

Forklaring til årsregnskapet

Skatteregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Skatteregnskapet viser skatter og avgifter mv som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.

Sumlinjene i årsregnskapet

- **Likvider**
Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.
- **Skyldig skattekreditorene**
Fordelingsoppgjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorene senest 10. januar.

Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.
- **Skyldig andre**
Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene.
- **Udisponert resultat**
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.
- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**
Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, forskuddstrekk fratrukket marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere, kildeskatt, samt renter og gebyrer.
- **Fordelt til skattekreditorene**
Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene.
- **Krav som er ufordelt**
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

Bremanger kommune
Rådmannen
6723 SVELGEN

Dykkar ref.: Vår ref.: Arkivkode: Journalnr.: Dokumentdato:
Overordna analyse 2012/tf 216 003 / 2012 7. februar 2012

TINGING FRÅ KONTROLLUTVALET I BREMANGER; - OVERORDNA ANALYSE – BREMANGER KOMMUNE 2012

Kontrollutvalet har gjort vedtak om å få utarbeidd ei oppdatert 'overordna analyse' over Bremanger kommune, som skal brukast som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon. Dette oppdraget er lagt til kommunerevisjonen å utføre, med ferdigstilling våren 2012.

Vi legg til grunn det analysedokument som vart utarbeidd av oss i 2008; som var ei rullering av den først etablerte *overordna analyse* av Bremanger kommune i 2005.

Det er ingen fasit på korleis eit slikt dokument skal sjå ut, og heller ikkje nokon forskriftskrav kring kva form, innhald og omfang eit slikt dokument skal ha. Det er likevel slik at dokumentet skal ha i seg risiko- og vesentlegheitsvurderingar og/eller ei resultat- og sårbarheitsanalyse av kommuneforvaltninga. Den overordna analysa skal hjelpe kommunen sitt kontrollutval til å identifisere behov for forvaltningsrevisjon på ulike områder, sektorar eller tenesteområder, der det er fare for feil eller manglar, avvik eller svakheiter i forvaltninga i høve lover, forskrifter, interne styringsdokument, etterlevinga av kommunestyret sine vedtak, intensjonar og føresetnader.

Vi har overfor kontrollutvalet gjort kjent at vi ønskjer rådmannen sin medverknad til framskaffing av nødvendig dokumentasjon for vårt arbeid, samt innspel på konkrete saksfelt-/områder som kan vere av ein viss nytteverdi for kommunen å sjå nærmare på.

I analysedokumentet ser vi det som naturleg at vi seier noko om både den administrative og den politiske organisering av kommunen. Vi treng derfor

- ↳ eit oppdatert organisasjonskart for den administrative strukturen
- ↳ ei oversikt over dei politiske styrings-/beslutningsorgana

Vi tør også be om at rådmannen lister opp dei mest sentrale styringsdokumenta (eksempelvis delegasjonsreglement, økonomi-/finasreglement, innkjøp, m.v.), og korleis oppgave- og ansvarsfordelingane er i kommuneforvaltninga. Dersom det finst ei skjematisk oversikt, på tenestenivå/-områdene, med ansvar, område, antal tilsette, etc., så ønskjer vi også det.

Når det gjeld programvarer, støtteprogram og bruk av IKT-system i kommunen, så bør vi ha ei skjematisk oversikt over kva som finst i kommunen idag, med opplysningar om kva desse er brukt til (funksjonsområda) og korleis den enkelte programvare evt. er integrert i økonomi- og tenstefunksjonane i forvaltninga.

Når det gjeld budsjett- og rekneskap, og heri årsmelding, KOSTRA-materialet, m.v., så vil vi nytte økonomi- og tenestedata frå siste års rekneskap og inneverande års årsbudsjett. Vi vil også sjå litt på økonomi- og handlingsplanen, samt dei føringar som ligg i politiske vedtak kring desse dokumenta.

Det ville også vere fint om rådmannen kunne seie noko av rapportering og avvikshandtering i si tilbakemelding til oss; både for det som gjeld driftsdelen og det som gjeld investeringar. Vi ønskjer også nokre kommentarar frå rådmannen på utfordringane kommunen står overfor ved innføringa av samhandlingsreforma, samt andre utfordringar kommunen står overfor i 2012.

Ettersom analysedokumentet også skal ha i seg opplysningar om kommunen sine eigarskap med tanke på eigarskapskontroll og selskapskontroll, tør vi be om ei fullstendig oversikt over dei selskap kommunen er medeigar, deltakar eller heileigar i. Dersom kommunen har utarbeidd eit eige strategidokument for kommunen sine eigarskap i ulike verksemder/selskap, tør vi be om å få oversendt dette.

Vi utfordrar også gjerne rådmannen på om han kan kome med innspel på moglege kontrollområder som det etter hans syn vil vere fordelaktig å sjå nærmare på gjennom val av forvaltningsrevisjonsprosjekt. Etter vår oppfatning bør forvaltningsrevisjonsressursar nyttsat på områder der kommunen i ei viss grad vil ha nytteverdi; - i form av fokus på ei kvalitetsheving, effektivisering, produktivitet, betra måloppnåing og god økonomisk styring.


Det er vår målsetting å få fram vesentlege forhold kring Bremanger kommune sine forvaltningsapparat, der risikoaspekta på eit meir overordna nivå vert belyst, slik at kontrollutvalet og kommunestyret får eit best mogleg beslutningsgrunnlag for kva som bør/skal prioriterast å sjå nærmare på i ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll/eigarskapskontroll.

Vi ser fram til ein god dialog og kommunikasjon med kommuneleiinga kring dette arbeidet. Har De spørsmål til ovannemnde, håper vi De vil ta kontakt.

Av omsyn arbeidet kring det føretåande årsoppgjeret for 2011, har vi valgt å ikkje setje ein fast tilbakerapporteringsfrist på dette, men vi tør ber om at De prøver å gje oss ei tilbakemelding så raskt som mogleg, slik at vi kan få framdrift i vårt arbeid i saka. Vi er også åpne for å ha eit møte kring dette, om det er ønskjeleg frå rådmannen si side.

Florø den 7. februar 2012

Med helsing



Tege Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Kopi: Kontrollutvalet ✓
Ordføraren

003/12 INNKJØPSRUTINAR – ORIENTERING VED RÅDMANNEN

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 16.02.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.02.2012	003/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Dokument vedlagt saka:

Brev til Bremange kommune frå Sekom sekretariat om orientering innkjøpsrutinar, datert. 14.12.2011.

Dokument ikkje vedlagt:

Lov om offentleg innkjøp.

Forskrift til lov om offentleg innkjøp.

Evt. avtalar om offentleg innkjøp for Bremanger kommune.

Kontrollutvalsak 032/11.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vert lagt fram utan tilråding.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

INNKJØPSRUTINAR – ORIENTERING VED RÅDMANNEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmannen orienterer om innkjøpsrutinane i Bremanger kommune.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet sitt ansvar er heimla i § 77 i kommunelova og nærmare presisert i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. I merknadane til §4 i forskriftene 1. avsnitt går det fram at kontrollutvalet i prinsippet kan ta opp eit kvart tilhøve ved verksemda i kommunen så lengje det kan definerast som kontroll eller tilsyn. I merknadane til same paragraf, 8. avsnitt, går det fram at kontrollutvalet ikkje har plikt til å handsame andre enn dei saker som det får seg førelagt frå kommunestyret, eller der det går fram av forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar.

I kontrollutvalsmøte 09.12.2012 i sak 032/11 Innkjøpsrutinar vedtok kontrollutvalet følgjande:

- *Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om innkjøpsregelverket, innkjøpsavtalar og innkjøpsrutinane i kommunen.*

14.12.2011 er det sendt brev til rådmannen i Bremanger og orientert om vedtaket og om at rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere i samsvar med vedtaket.

Sekretariatet sine vurderingar

Sekretariatet vurderer det slik at evt. vidare handsaming av saka er avhengig av kva informasjon som kjem fram i orienteringa frå rådmannen. Alternativ for ein evt. kontroll inn mot innkjøpsrutinane til Bremanger kommune kan vere følgjande:

1. Tinge ei undersøking hjå KRYSS-revisjon der dei får i oppdrag å kontrollere at innkjøpsrutinane er i samsvar med lover, reglar og avtalar.
2. Tinge eit forvaltningsrevisjonsprosjekt hjå KRYSS-revisjon der dei får i oppdrag å kontrollere at innkjøpsrutinane er i samsvar med lover, reglar og avtalar.

Lov og om offentlege innkjøp og forskriftene til desse er å finne på heimesida til Sekom-sekretariat www.sekom.no under menypunktet Lover og forskrifter.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Bremanger kommune
Postboks 194
6721 BREMANGER

Førde, 14.12.11

Dykkar ref.:

Vår ref: At

Jnr.: 512/11


Arkiv: Bremanger

ORIENTERING INNKJØPSRUTINAR

Kontrollutvalet i Bremanger heldt møte 09.12.11. I møtet hadde kontrollutvalet oppe sak 032/11 Innkjøpsrutinar. Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i saka: *Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om innkjøpsregelverket, innkjøpsavtalar og innkjøpsrutinar i kommunen.*

Vi ber om at rådmannen møter i neste kontrollutvaslmøte og orienterer i samsvar med det som kontrollutvalet har vedteke. Dato for neste møte i kontrollutvalet er enno ikkje sett. Det vil bli sendt ut innkalling omtrent ei veke før møtet skal vere.

For kontrollutvalet



Asgeir Tveit

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

004/12 BETALINGSRUTINAR FOR INNKOMNE FAKTURAER – ORIENTERING VED RÅDMANNEN

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 16.02.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.02.2012	004/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Dokument vedlagt saka:

- Brev frå Sekom sekretariat til Bremanger kommune om orientering betalingsrutinane for innkomne fakturaer, datert 14.12.2011.

Dokument ikkje vedlagt:

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kontrollutvalsak 033/11 Betalingsrutinar for varer og tenester.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vert lagt fram utan tilråding.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

BETALINGSRUTINAR FOR INNKOMNE FAKTURAER – ORIENTERING VED RÅDMANNEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmannen orienterer om betalingsrutinar for innkomne fakturaer.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet sitt ansvar er heimla i § 77 i kommunelova og nærmare presisert i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. I merknadane til §4 i forskriftene 1. avsnitt går det fram at kontrollutvalet i prinsippet kan ta opp eit kvart tilhøve ved verksemda i kommunen så lengje det kan definerast som kontroll eller tilsyn. I merknadane til same paragraf, 8. avsnitt, går det fram at kontrollutvalet ikkje har plikt til å handsame andre enn dei saker som det får seg førelagt frå kommunestyret, eller der det går fram av forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar.

I kontrollutvalsmøte 09.12.2011 i sak 033/11 Betalingsrutinar for varer og tenester vedtok kontrollutvalet følgjande:

- *Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om betalingsrutinane for innkomne fakturaer.*

14.12.2011 er det sendt brev til rådmannen i Bremanger og orientert om vedtaket og om at rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere i samsvar med vedtaket.

Sekretariatet sine vurderingar

Sekretariatet vurderer det slik at det er eitt aktuelt alternativ for ein evt. kontroll inn mot betalingsrutinane til Bremanger kommune; Tinge ei undersøking hjå KRYSS-revisjon der dei får i oppdrag å kontrollere at betalingsrutinane er i samsvar med avtalar og betalingsfristar.

Eit andre alternativ kan vere å tinge ein forvaltningsrevisjon der dette området inngår. Sekretariatet ser det likevel som lite tenleg då det bør vere ein rimeleg enkel kontroll å få avklart om betalningar skjer i samsvar med rettmessige rutinar, evt. avtalar med leverandør og betalingsfristar på fakturaer.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Bremanger kommune
Postboks 194
6721 BREMANGER

Førde, 14.12.11

Dykkar ref.:

Vår ref: At

Jnr.: 513/11


Arkiv: Bremanger

ORIENTERING BETALINGSRUTINANE FOR INNKOMNE FAKTURAER

Kontrollutvalet i Bremanger heldt møte 09.12.11. I møtet hadde kontrollutvalet oppe sak 033/11 Betalingsrutinar for varer og tenester. Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i saka: *Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om betalingsrutinane for innkomne fakturaer.*

Vi ber om at rådmannen møter i neste kontrollutvaslmøte og orienterer i samsvar med det som kontrollutvalet har vedteke. Dato for neste møte i kontrollutvalet er enno ikkje sett. Det vil bli sendt ut innkalling omtrent ei veke før møtet skal vere.

For kontrollutvalet



Asgeir Tveit

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

005/12 ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET I BREMANGER

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat

Dato: 17.02.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	27.02.2011	005/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Framlegg til årsmelding 2011 frå kontrollutvalet.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommuneleva.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Bremanger kommune vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET I BREMANGER

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet til kommunestyret

Saksopplysningar:

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av kommunestyret.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Guleu, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

Bremanger kommunestyre

ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Bremanger kommune har i år 2011 vore samansett slik:

Valperioden 2007 – 2011:

Medlemer:

Audun Åge Røys (leiar)

Leo Cirotzki (nestleiar)

Martin K. Førde

May Rita Wik Berle

Sigrid Solheim

Varamedlemer

Reidar Ytre-Hauge

Merete Storøy

Inger Rise Hallset

Nils Jørgen Sagebø

Birgit Bortne

Valperioden 2011 – 2015:

Medlemer

Harry Gulestøl (leiar)

Leo Cirotzki (nestleiar)

Inger Rise Hallset

Leni Lisæter

Rune Nordbotten

Varamedlemer:

Anne Sofie Hauge Igland

Joar Årøen

Gjert Kåre Solheim

Per Gulestøl

Sigrid Solheim

SEKOM-sekretariat har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2011.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne §-en er det ei eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2011 har kontrollutvalet i Bremanger halde fire møte der det er handsama i alt 37 saker.

Kontrollutvalet tinga forvaltningsrevisjonsprosjektet "Sjølvkostberekningar VAR-sektoren" i 2010. Rapport for prosjektet er levert i 2011. Rapporten vart sendt kommunestyret, som gjorde vedtak i samsvar med kontrollutvalet si innstilling.

Kontrollutvalet har tinga overordna analyse frå Kryss revisjon. Denne vil vere grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon, som skal vere vedteken av kommunestyret innan utgangen av 2012. Kontrollutvalet har vedteke å inntil vidare vente med val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Kontrollutvalet har også hatt til vurdering, etter oppmoding frå grunneigarar, sak om å sjå på kommunal handsaming vedrørende tildeling av tilskot. Kontrollutvalet har ikkje prioritert saka.

Kontrollutvalet har ved fleire høve kalla inn rådmannen for å orientere. Kontrollutvalet har såleis fått følgjande orienteringar:

- Teknisk sektor.
- Protokollar og arbeidsavtale.

Kontrollutvalet har vedteke at dei vil ha orientering om innkjøpsrutinar og om betalingsrutinar for innkomne fakturaer i første møte i 2012.

Kontrollutvalet har i 2011 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet. Som følgje av måten sekretariat og revisjon er organisert, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjevne tilråding om budsjett.

Kontrollutvalet har gjeve fråsegn til årsrekneskapen 2010 for Bremanger kommune, Bremanger Hamn og Næring KF, Frøysjøterminalen KF, Svelgen Idrettshus, Bremangerhallen og Viltfondet.

I samband med at vi har gått inn i ein ny valperiode med nyvalt kontrollutval, har Sekom-sekretariat orientert om rolla og oppgåvene til sekretariatet for kontrollutvalet, rolla og oppgåvene til kontrollutvalet og møterutinar. Kontrollutvalet er også meldt på til seminar med innhald; Kontroll og tilsyn i offentleg sektor. Kontrollutvalet deltok også i folkevaldopplæringa til Bremanger kommune.

Som faste saker på saklista har kontrollutvalet «Godkjenning av innkalling og sakliste», «Skriv og meldingar», «Oppfølgingsliste» og «Eventuelt».

Utover det som er omtalt ovanfor har kontrollutvalet handsama «Møteplan for kontrollutvalet 2011», «Årsmelding 2010 frå kontrollutvalet» og «Eigenvurdering oppdragsansvarleg revisor».

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva med å sjå til at kommunen har ei tilfredsstillande revisjonsordning gjennom at revisor har orientert om revisjonsarbeidet i samband med handsaming av årsrekneskapen for Bremanger kommune og gjennom å følge med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar og nummererte brev.

Svelgen 27. februar 2012

Harry Gulestøl (leiar)

Leo Cirotzki

Inger Rise Hallset

Leni Lisæter

Rune Nordbotten

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

006/12 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I BREMANGER 2012

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 16.02.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	27.02.2012	006/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyret		-	-	

Saksvedlegg.

- Forslag til møteplan 2012.
- Møteplan Bremanger kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Møteplan for kontrollutvalet i Bremanger for 2012 vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I BREMANGER 2012

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Møteplan for kontrollutvalet i Bremanger for 2012.

Saksopplysningar:

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i 2012 i dei ulike kommunane. I planen for kvar kommune er det, under føresetnad av at det ikkje vert endringar i desse, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og bystyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for kva tid det skal vere møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem på og som hastar eller av andre årsaker. Møteinnkalling vil alltid bli sendt ut i førekant av møte, og hovudsakleg skal dette skje minst ei veke før møtet vert halde.

Sekretariatet sine vurderingar:

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVAL BREMANGER KOMMUNE 2012

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL		27.				11.			21.		14.	
FORMANSKAP	17.	16.	29		3.	7.						
KOMMUNESTYRE	19.		15.	26.		21.						

2012- 1.halvår - BREMANANGER KOMMUNE - MØTEPLAN

JANUAR		FEBRUAR		MARS		APRIL		MAI		JUNI	
1 SUN	1 ONS	1 TOR	1 SUN	1 TOR	1 SUN	1 SUN	1 TYS	1 TYS	1 FRE		
2 MÅN	2 TOR	2 FRE	2 MÅN	2 FRE	2 MÅN	2 MÅN	2 ONS	2 ONS	2 LØR		
3 TYS	3 FRE	3 LØR	3 TYS	3 LØR	3 TYS	3 TYS	3 TOR	3 TOR	3 SUN		
4 ONS	4 LAU	4 SUN	4 ONS	4 SUN	4 ONS	4 ONS	4 FRE	4 FRE	4 MÅN		
5 TOR	5 SUN	5 MÅN	5 TOR	5 MÅN	5 TOR	5 TOR	5 LØR	5 LØR	5 TYS		
6 FRE	6 MÅN	6 TYS	6 FRE	6 TYS	6 FRE	6 FRE	6 SUN	6 SUN	6 ONS		
7 LAU	7 TYS	7 ONS	7 LØR	7 ONS	7 LØR	7 LØR	7 MÅN	7 MÅN	7 TOR		
8 SUN	8 ONS	8 TOR	8 SUN	8 TOR	8 SUN	8 SUN	8 TYS	8 TYS	8 FRE		
9 MÅN	9 TOR	9 FRE	9 MÅN	9 FRE	9 MÅN	9 MÅN	9 ONS	9 ONS	9 LØR		
10 TYS	10 FRE	10 LØR	10 TYS	10 LØR	10 TYS	10 TYS	10 TOR	10 TOR	10 SUN		
11 ONS	11 LAU	11 SUN	11 ONS	11 SUN	11 ONS	11 ONS	11 FRE	11 FRE	11 MÅN		
12 TOR	12 SUN	12 MÅN	12 TOR	12 MÅN	12 TOR	12 TOR	12 LØR	12 LØR	12 TYS		
13 FRE	13 MÅN	13 TYS	13 FRE	13 TYS	13 FRE	13 FRE	13 SUN	13 SUN	13 ONS		
14 LAU	14 TYS	14 ONS	14 LØR	14 ONS	14 LØR	14 LØR	14 MÅN	14 MÅN	14 TOR		
15 SUN	15 ONS	15 TOR	15 SUN	15 TOR	15 SUN	15 SUN	15 TYS	15 TYS	15 FRE		
16 MÅN	16 TOR	16 FRE	16 MÅN	16 FRE	16 MÅN	16 MÅN	16 ONS	16 ONS	16 LØR		
17 TYS	17 FRE	17 LØR	17 TYS	17 LØR	17 TYS	17 TYS	17 TOR	17 TOR	17 SUN		
18 ONS	18 LAU	18 SUN	18 ONS	18 SUN	18 ONS	18 ONS	18 FRE	18 FRE	18 MÅN		
19 TOR	19 SUN	19 MÅN	19 TOR	19 MÅN	19 TOR	19 TOR	19 LØR	19 LØR	19 TYS		
20 FRE	20 MÅN	20 TYS	20 FRE	20 TYS	20 FRE	20 FRE	20 SUN	20 SUN	20 ONS		
21 LAU	21 TYS	21 ONS	21 LØR	21 ONS	21 LØR	21 LØR	21 MÅN	21 MÅN	21 TOR		
22 SUN	22 ONS	22 TOR	22 SUN	22 TOR	22 SUN	22 SUN	22 TYS	22 TYS	22 FRE		
23 MÅN	23 TOR	23 FRE	23 MÅN	23 FRE	23 MÅN	23 MÅN	23 ONS	23 ONS	23 LØR		
24 TYS	24 FRE	24 LØR	24 TYS	24 LØR	24 TYS	24 TYS	24 TOR	24 TOR	24 SUN		
25 ONS	25 LAU	25 SUN	25 ONS	25 SUN	25 ONS	25 ONS	25 FRE	25 FRE	25 MÅN		
26 TOR	26 SUN	26 MÅN	26 TOR	26 MÅN	26 TOR	26 TOR	26 LØR	26 LØR	26 TYS		
27 FRE	27 MÅN	27 TYS	27 FRE	27 TYS	27 FRE	27 FRE	27 SUN	27 SUN	27 ONS		
28 LAU	28 TYS	28 ONS	28 LØR	28 ONS	28 LØR	28 LØR	28 MÅN	28 MÅN	28 TOR		
29 SUN	29 ONS	29 TOR	29 SUN	29 TOR	29 SUN	29 SUN	29 TYS	29 TYS	29 FRE		
30 MÅN	30 TYS	30 FRE	30 MÅN	30 FRE	30 MÅN	30 MÅN	30 ONS	30 ONS	30 LØR		
31 TYS	31 LØR	31 TOR	31 LØR	31 TOR	31 LØR	31 LØR	31 TOR	31 TOR	31 TOR		

FSK - FORMANNSKAPET
KST - KOMMUNESTYRET

007/12 OPPFØLGINGSLISTE 1-2012 OG MERKNADER - BREMANGER

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 17.02.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	27.02.2012	007/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 1-2012 Bremanger.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingslista 1-2012 Bremanger vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 1-2012 BREMANGER

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 17.02 2012

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 1-2012 - Bremanger.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Bremanger kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
05/09 Kontrollutvals-arbeid tiltak	18.03.09		18.03.09 Vedtak KU – tiltak gjennomførast. 18.03.09: Brev til adm om tiltak ku-arbeid. -Orientering frå adm -Tertialrapportar -Tilsynsrapportar
25/11 Forvaltningsrevisjonsrapport Sjølvkostberekningar VAR-sektoren.	14.11.11		14.11.11: Tiltråding til kst. 14.11.11 s/kst. 19.01.12 Vedtak kst sak 010/12
26/11 Overordna analyse	14.11.11		14.11.11 Vedtak KU – Tinge hjå KRYSS 07.02.12 Brev frå KRYSS til Bremanger k
30/11 Godkjenning av innkalling og sakliste.	09.12.11		09.12.11 Vedtak KU - godkjent
031/11 Skriv og meldingar	09.12.11		09.12.11 Vedtak KU – teke til vitande.
032/11 Innkjøpsrutinar.	09.12.11		09.12.11 Vedtak KU – Kalle inn rådmannen til neste møte for å orientere. 14.12.11 Brev til Bremanger kommune.
033/11 Betalingsrutinar for varer og tenester.	09.12.11		09.12.11 Vedtak KU – Kalle inn rådmannen til neste møte for å orientere. 14.12.11 Brev til Bremanger kommune
034/11 Orientering overordna analyse.	09.12.11		09.12.11 Vedtak KU – Teke til vitande
035/11 Forvaltningsrevisjon – Val av prosjekt.	09.12.11		09.12.11 Vedtak KU – Utsett til neste møte.
036/11 Reglement for kontrollutvalet.	09.12.11		09.12.11 Tiltråding til kst. 14.12.11 s/Bremanger kommune.
037/11 Oppfølgingsliste 5-2011 –merknader - Bremanger.	09.12.11		09.12.11 Vedtak KU – Teke til vitande.
001/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	27.02.12		
002/12 Skriv og meldingar.	27.02.12		
003/12 Innkjøpsrutinar – orientering v rådmannen	27.02.12		
004/12 Betalingsrutinar for innkomne fakturaer – orientering v rådmannen.	27.02.12		
005/12 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet	27.02.12		
006/12 Møteplan 2012 for kontrollutvalet.	27.02.12		
007/12 Oppfølgingsliste 1 – 2012 – merknader – Bremanger kommune	27.02.12		
008/12 Oppdragsansvarleg revisor si eigen vurdering av uavhengigheit	27.02.12		

Oppdatert 17.02.12.

08/12 VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 17.02.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.02.2012	08/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

Saksvedlegg

- Oppdragsansvarleg revisor si vurdering av uavhengigheit, datert 07.02.12.
- Kopi av vurdering av uavhengigheit frå revisjonssjef forvaltningsrevisjon til dagleg leiar i KRYSS-revisjon, datert 08.02.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova § 79.
Forskrift om revisjon av 15.06.2004.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Bremanger kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 04.01.2011 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Viser til Forskrift om revisjon av 15.06.2004 § 15

Sitat:

” Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. ”

Saksopplysningar:

Terje Førde, oppdragsansvarleg revisor for Bremanger kommune, har i brev datert 07.02.12 gjeve ei skriftleg egenvurdering av si uavhengighet. Sjå vedlegg.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert si uavhengighet med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommuneloven § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i egenvurderinga som svekkar oppdragsansvarleg revisor sin tillit m.o.t uavhengighet og objektivitet overfor Bremanger kommune.

*Til Kontrollutvalet
i Bremanger kommune*

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	Revplan 2012\ Erklæring2012Bremanger	216&30	007 / 2012	7. februar 2012

VURDERING AV UAVHENGIGHEIT BREMANGER KOMMUNE

Innleiing:

I følge forskrift om revisjon av 15.06.2004, § 15, skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kommunen sitt Kontrollutval.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er kun oppdragsansvarlege revisorar som plikter å legge fram ei skriftleg vurdering for Kontrollutvalet. I KRYSS Revisjon sine revisjonsplanar vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild revisor i kommunen sitt revisjonsteam, inngå som eit eige punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarleg revisor sin skriftlege eigenvurdering vil ligge ved som eit vedlegg til dette punktet.

Både Kommunelova (§ 79) og Forskrift om revisjon (kap. 6) stiller krav til revisor sin uavhengigheit. Krava er nærare beskrivne nedanfor.

Lova og forskriftene sine krav til uavhengigheit:

I flg. Kommunelova § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som gjennomfører revisjonsarbeid ikkje:

1. vere tilsett i andre stillingar i kommunen eller i verksemd som kommunen deltek i
2. vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i
3. delta i, eller ha funksjonar i annan verksemd, når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar, eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som føretek revisjon
4. ha nærståande (ektefelle, sambuar, nære slektningar) som har slik tilknytning til den reviderte at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.

I tillegg stiller lova, § 79, og forskrifta, § 14, følgjande begrensningar:

5. revisor kan ikkje utføre rådgjevingstenester eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sin uavhengigheit og objektivitet
6. revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. den reviderte; - kommunen, føretaket, særbedrifta, verksemda) sine eigne leiaroppgåver og/eller kontrolloppgåver

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

7. revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige; - unnateke ved bistand i skattesaker, m.v., etter domstollova
8. det må ikkje ligge føre andre særleine forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor sin uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføringa av revisjonsoppgåvene

Revisor sin eigenvurdering av punkta ovanfor:

Pkt. 1: Tilsettingsforhold	<i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i andre stillingar enn i Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon).</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen tek del i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i, eller innehar funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunen, som har betydning for min uavhengigheit og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgjevings-tenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	<p><i>Underteikna stadfestar at det for tida ikkje vert ytt rådgjevings-tenester eller andre tenester overfor kommunen som kjem i konflikt med denne bestemmelsen.</i></p> <p><i>Før slike tenester vert utført av KRYSS Revisjon, blir det gjort ei vurdering av rådgevinga eller tenesta sin art i forhold til revisor sin uavhengigheit og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utøvinga av slik teneste kjem i konflikt med bestemmelsane i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskilt.</i></p> <p><i>Revisor besvarer daglege spørsmål og henvendelsar som er å betrakte som veiledning og bistand i det løpande forvaltningsarbeidet i kommunen, og ikke revisjon. Ordlyden i paragrafen seier at også slike veiledningar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</i></p>
Pkt. 6: Tenester under kommunen sine egne leiaropp-gåver og kontroll-oppgåver (intern kontroll, m.v.)	<i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester overfor kommunen som høyrer inn under kommunen sine egne leiaropp-gåver og kontroll-oppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Underteikna stadfester at korkje revisor eller KRYSS Revisjon for tida opptrer som fullmektig for Bremanger kommune.</i>

Pkt. 8: Andre særlige forhold	<i>Underteikna kjenner ikkje til andre særlige forhold som er eigna til å svekke tilliten til min uavhengigheit og objektivitet overfor Bremanger kommune.</i>
-------------------------------	--

Førde den 7. februar 2012



Terje Førde

Oppdragsansvarleg Revisor i Bremanger kommune

Kopi:

Bremanger kommune v/Rådmannen

Bremanger kommune v/Ordføraren

Til KRYSS-Revisjon
v/dagleg leiar Terje Førde
Postboks 487
6802 FØRDE

Kopi: Kontrollutvala

Dykkar ref.: Vår ref. : Arkivkode : Journalnr. : Dokumentdato:
Revplan 2012 216&30 018 /2012 08.02.2012

Vurdering av uavhengigheit - Revisjonsplanen for Askvoll Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster, Naustdal og Solund kommune 2012

Innleiing:

I følge forskrift om revisjon av 15.06.2004, § 15, skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kommunen sitt Kontrollutval. Slik uavhengigheitsvurdering ligg føre frå dagleg leiar/revisjonssjefen si side i skriv til Kontrollutvalet.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er kun oppdragsansvarlege revisorar som plikter å legge fram ei skriftleg vurdering for Kontrollutvalet. I KRYSS Revisjon sine revisjonsplanar vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild revisor i kommunen sitt revisjonsteam, inngå som eit eige punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarleg revisor sin skriftlege eigenvurdering vil ligge ved som eit vedlegg til dette punktet, der også denne uttale frå utøvande revisor(ar) vil ligge ved.

Både Kommunelova (§ 79) og Forskrift om revisjon (kap. 6) stiller krav til revisor sin uavhengigheit. Krava er nærmare beskrive nedanfor.

Lova og forskriftene sine krav til uavhengigheit:

I flg. Kommunelova § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som gjennomfører revisjonsarbeid ikkje:

1. vere tilsett i andre stillingar i kommunen eller i verksemd som kommunen deltek i
2. vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i
3. delta i, eller ha funksjonar i annan verksemd, når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar, eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som føretek revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, sambuar, nære slektningar) som har slik tilknytning til den reviderte at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.

I tillegg stiller lova, § 79, og forskriften, § 14, følgjande begrensningar:

5. revisor kan ikkje utføre rådgjevingstenester eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sin uavhengigheit og objektivitet
6. revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. den reviderte; - kommunen, føretaket, særbedrifta, verksemda) sine eigne leiaroppgåver og/eller kontrolloppgåver

7. revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige; - unnateke ved bistand i skattesaker, m.v., etter domstollova
8. det må ikkje ligge føre andre særlege forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor sin uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføringa av revisjonsoppgåvene


Revisor sin eigenvurdering av punkta ovanfor, når det gjeld utøvinga av revisjonsarbeid, m.v., overfor kommunane nemnt i overskrifta, evt. kommunale føretak innafor kommunane, og øvrige føretak/verksemdar tilknytta KRYSS Revisjon sin oppdrag overfor desse:

Pkt. 1: Tilsettingsforhold	<i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i andre stillingar enn i Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon).</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen tek del i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i, eller innehar funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunen, som har betydning for min uavhengigheit og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgevingstenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	<p><i>Underteikna stadfester er at det for tida ikkje vert ytt rådgevingstenester eller andre tenester overfor kommunen som kjem i konflikt med denne bestemmelsen.</i></p> <p><i>Før slike tenester vert utført av KRYSS Revisjon, blir det gjort ei vurdering av rådgevinga eller tenesta sin art i forhold til revisor sin uavhengigheit og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utøvinga av slik teneste kjem i konflikt med bestemmelsane i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskilt.</i></p> <p><i>Revisor besvarer daglege spørsmål og henvendelsar som er å betrakte som veiledning og bistand i det løpande forvaltningsarbeidet i kommunen, og ikke revisjon. Ordlyden i paragrafen seier at også slike veiledningar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</i></p>
Pkt. 6: Tenester under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver (intern kontroll, m.v.)	<i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester overfor kommunen som høyrer inn under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Underteikna stadfester at korkje revisor eller KRYSS Revisjon for tida opptrer som fullmektig for kommunen eller nokon del av oppdraget.</i>

Pkt. 8: Andre særegne forhold

Underteikna kjenner ikkje til andre særegne forhold som er eigna til å svekke tilliten til min uavhengigheit og objektivitet overfor kommunen.

Førde den 08.. februar 2012


Charles Eusheim
Revisjonssjef forvaltning